



Vedlegg 2. Dokumentasjon Dalheim

Formålet med fredinga av Dalheim er bevare å eit kulturhistorisk og arkitektonisk viktig eksempel på eit komplett anlegg med bustad og arbeidsplass for eigarar, gjester og tilsette i første halvdel av 1900-talet. Den sosialhistoriske og bygningshistoriske dimensjonen i dette anlegget er og særst interessant. I norsk samanheng er det spesielt at dei ulike bygningane og deira funksjoner i det heilskaplege anlegget så tydeleg viser forholdet mellom eigarar og tilsette med skilnad i sosial stand og ulike roller og oppgåver. Bygningsmassen viser ein kombinasjon av tradisjonell vestlandsk byggeskikk og sveitserstilsarkitektur med sterk påverknad frå amerikansk sørstatsarkitektur og den internasjonale Arts & Crafts-rørsla. Dokumentasjonen er utarbeida av Vestland fylkeskommune i høve fredinga, og inneheld kart, planteikningar og historia til ekteparet Singer og deira tilknytning til Dalheim.

1. Kartfesting, teikningar og oppmålingar

1.1 Kart





Figur 2. Kartutsnitt som syner Dalheim/Singerheimen nede til høgre. Kartutsnitt frå Fylkesatlas.



Figur 3. Kart som syner bygningane på Dalheim/Singerheimen. Dei enkelte bygningane er merka med namn. Kartutsnitt frå Fylkesatlas.

1.2 Flyfoto





Figur 3. Flyfoto som syner del av Olden sentrum. Dalheim/Singerheimen nede til høgre. Foto frå Fylkesatlas.





Foto 6: Flyfoto som syner dei ulike bygningane på anlegget. Kartutsnitt henta frå Fylkesatlas.

1.3 Teikningar

1.3.1 Arkitekt Jens Bull sine teikningar av Villaen i 1921






Figur 10. Planteikning kjellar og loft. Arkitekt Jens Bull. Frå Rasmus Yri sitt arkiv. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Bl. 4.

VILLA FOR MR. W. H. SINGER, OLDEN, NORDFJORD.



- SNIT A-B -



BERGEN 2/6-1921

J. W. Sall

Bl. 5.

VILLA FOR MR. W. H. SINGER, OLDEN, NORDFJORD.



FASADE mot NORD.




BERGEN 2/6-1921

J. W. Sall

Bl. 7.

VILLA FOR MR. W. H. SINGER, OLDEN, NORDFJORD.




FASADE MOT VEST.




BERGEN 1901.
J. W. Sells.


VILLA FOR MR. W. H. SINGER, OLDEN, NORDFJORD.




FASADE MOT SYD.




BERGEN 1901.
J. W. Sells.




15. Fasade mot øst. Arkitekt Jens Bull 1921.





Figur 16. Detaljtegning av peisen i peisestova. Arkitekt J. Bull 1921. Frå arkivet etter Rasmus Yri, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.




Figur 175. Detaljteikning av forslag til peis i kabinettet/biblioteket. Arkitekt J. Bull 1921. Frå Rasmus Yri sitt arkiv, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.



1.3.1.1 Teikningar av Johan Yri







1.3.2 Studio




1.3.3 Oppmålingsteikningar av bygningane sine planløysingar i dag
I 2016 engasjerte eigar arkitekt Yngve Leknes Brakstad til å gjennomføre ein moglegheitsstudie for vidare bruk av Dalheim/Singerheimen. Ein del av dette arbeidet omfatta oppmåling av planløysingane til sju av bygningane. Desse teikningane syner planløysinga i bygningane slik dei er i dag. Studio og kapellet er ikkje oppmålt.


1.3.3.1 Villa









1.3.3.2 Bungalow







Figur 14. Bungalowen, planløsning 2. etasje. Teikning av arkitekt Yngve L. Brakstad, 2016.

1.3.3.3 Driftsbygning


BRA Løa plan 1.


A: 116,0 m²





1.3.3.4 Vedahuset






1.3.3.5 Stabburet




Figur 19. Planløsning, teikning av arkitekt Yngve L. Brakstad, 2016.



2016.


teikning av arkitekt Yngve L. Brakstad,

1.3.3.6 Eldhuset med kaféen



Planløsning og snitt av eldhuset med kafeen, teikning av arkitekt Yngve L. Brakstad, 2016.

1.3.3.7 Drengestova



Figur 22. Plan og snitt over drengestova, teikning av arkitekt Yngve L. Brakstad, 2016.

2. Skildring av anlegget i dag

Anlegget på Dalheim er plassert på den austre dalsida i Olden med utsikt mot Olden gamle kyrkje og Oldefjorden. Anlegget ligg nær tidlegare Yris hotell som var bustad for ekteparet Singer dei første åra i Olden før dei bygde villaen på Dalheim. Studio, som var den første bygningen Singer fekk reist i Olden, ligg mellom tidlegare Yris hotell og Villaen.

2.1 Tunet

Villaen ligg som det naturlege midtpunktet i anlegget, med dei andre bygningane gruppert omkring denne i tre grupper i tillegg til driftsbygningen som står litt for seg sjølv. Fredheim, som i dag er skild ut som ein eigen eigedom, utgjør ei fjerde gruppe bygningar i anlegget. Då denne eigedomen ikkje inngår i fredinga vert den ikkje omtala vidare her. Gruppene består av

- 1. Studio og gravkapellet som ligg lengst nede i dalen**
- 2. Villaen, stabbur, tenarbustad, kafé og ishús (revet på midten av 1960-talet) som den sentrale delen av anlegget. Bygningen som vert omtala som kafé, har fleire funksjonar der fremre delen var matrom for dei tilsette som arbeidde ute (derav nemninga kafé). I tillegg romma dette bygget eldhus, lager og utedo.**
- 3. Bungalowen¹ og vedhuset. Bungalowen var bygd som gjestehus til besøkande.**

¹ Gjestehuset på Dalheim vert omtala som Bungalowen og det er denne nemninga som vert brukt i dette dokumentet. Bygningen er ikkje ein tradisjonell bungalow som vanlegvis er ei nemning

Mellom dei ulike bygningsgruppene går vegen. Tidlegare var det også gangvegar mellom dei ulike bygningane, i dag er gangvegen gjennom hagen mellom Studio og hovudinngangen til villaen ein av dei mest synlege.



Villaen si plassering på ein liten høgde i landskapet og storleiken på den, gjer den til den mest dominerande av husa i tunet. Bak villaen var nyttebygningane knytt til hushaldet plassert, tenarbustad, stabbur, kafeen og ishuset. Desse fire små bygningane er plassert tett saman og dannar ei gruppe med trekk tilbake til dei gamle klyngetuna på Vestlandet. Driftsbygningen står for seg sjølv litt lenger oppe i bakken eit stykke i frå tunet. Ei plassering som skjermar hovudhuset frå lukt og støy frå dyra. Eit stykke nord for driftsbygningen ved dagens eigedomsgrense er vedhuset og bungalowen plassert på kvar si side av vegen. Lenger nede i dalen i framkant av hovudhuset ligg Studio og gravkapellet, også desse bygningane underordnar seg bygningane i hovudtunet.

Med unntak av Studio og gravkapellet har anlegget eit heilskapleg uttrykk sjølv om det består av mange svært ulike hus. Ved at alle bygningane var bygd i tre, med same

for eit lite hus i ein etasje og med berre ein veranda. I nokon amerikanske variantar av bungalowar bruker ein loftsetasjen som ein halv bustadetasje slik vi ser det i bungalowen på Dalheim. Den høge kjellaren på bygningen her kjem sannsynlegvis av det sterkt skråande terrenget som bygningen står i.

vindaugstype og kledd med liggande kledning (med unntak av driftsbygningen) samt ved å bruke den same grøne fargen på alle bygningane skapte ekteparet Singer eit heilskapleg anlegg.

Studio og gravkapellet skil seg frå dei andre bygningane i fargeval. Når det gjeld gravkapellet er også bygningsmaterialet annleis enn på dei andre bygningane i anlegget, då dette er bygd i murstein. I fargevalet skil dei seg frå resten av tunet samstundes som dei harmonerer med kvarandre og dannar såleis ei eiga bygningsgruppe i anlegget. Studio og gravkapellet representerer både byrjinga og slutten på ekteparet Singer sin byggeaktivitet i Olden.

2.2. Villa

2.2.1 Eksteriør

Karakteristisk for villaen er det låge langstrakte preget, samansetjing av ulike bygningsvolum, dei mange småruta vindauga og dei store taka med svært open takvinkel og flate takopplett på begge langsidedene. Dei fire (opphavleg fem) teglsteinspipene dannar ein vertikal kontrast til bygningen sitt horisontale preg. Den skarpe grønfargen på villaen og dei andre bygningane er eit framandelement i vestlandsarkitekturen og bidreg til at huset skil seg frå dei tradisjonelle bygningane i området.

Materialvalet er gjennomført på bygningen og er med på å gje kvar etasje sitt særpreg. Kjellaretasjen med sin teglsteinsmur skaper ein kontrast til den horisontale vestlandskledningen på hovudetasjen. Loftsetasjen er karakterisert med dei store takflatene tekt med dråpeforma lappskifer. Takflatene i loftsetasjen vert brotne opp av dei store takoppletta med småruta vindauga som slepp lys inn til romma på loftet. Komposisjonen vert bunden saman av dei fire (opphavleg fem) store teglsteinspipene som både bind saman dei ulike etasjane og gjev bygningen eit vertikalt element som kontrast til det horisontale hovudpreget som bygningen har.

Dekoren på bygningen er svært beskjeden, men ytterdørene sine fyllingar som har ein enkel geometrisk dekor. Samansettinga av dei ulike bygningsvoluma med ulik høgdeform og takvinkel, samt bruken av karnapp i enkelte rom er med å gje huset ei variert form og uttrykk.


2.2.2. Interiør

Huset er bygd opp med ei klår deling mellom dei som budde i huset og dei som arbeidde der. Første etasje var produksjonsetasjen, med kjøkken, spiskammers, vaskerom, kjølerom til mjølk, vinkjellar og soverom til tenestefolka. Frå kjellaren gjekk det ei trapp opp til 1. etasje der ein kom rett opp i ein stor anretning. Spisestova låg vegg i vegg med anretningen og frå den kjem ein vidare inn til den innebygde verandaen/solrommet som i dag er innreia som spisestove. Det er og tilgang til kabinetet/biblioteket og peisestova som ligg langs fasaden mot sør, med utsikt over Olden og fjorden.

Den private delen av huset er på baksida, mot tunet der bad og soverom til ekteparet Singer og venen Dooijewaard ligg. Ein eigen korridor gjev tilgang til desse romma slik at den private delen av huset er klart skild frå den meir representative delen av det. Loftsetasjen består i dag av ein gang, fleire soverom eit bad og eit toalett i tillegg til rømmingsveg. To av soveromma og badet er dei opphavlege, medan dei andre romma

har kome til som ei fylje av seinare ombygging, I den samanhengen vart Dooijewaard sitt atelier gjort om til tre soverom og den opne øvre hall vart delvis til soverom og toalett og delvis til dagens gang. Trappa vart i den samanheng bygd inn slik at trapperommet i dag er svært lite.

2.2.2.1 Grunnplan/kjellar



Romoversikt grunnplan

- 0.1 Melkerom
- 0.2 Kjølerom
- 0.3 Bad
- 0.4 Gang
- 0.5 Soverom
- 0.6 Trapp
- 0.7 Kjøkken
- 0.8 Vindfang kjøkken
- 0.9 Forrådsrom/vaskerom
- 0.10 Møterom
- 0.11 Soverom
- 0.12 Vedbod
- 0.13 Ildfastrom
- 0.14 Husholdningskjellar/spiskammers
- 0.15 Vinbod
- 0.16 Skap

Rom 0.1 Mjølkerom

Opphavleg vart rommet nytta til bearbeiding av mjølkeprodukt. Rommet vert i dag nytta som inngang og resepsjon for dei besøkjande til Dalheim. Rommet har ein eigen inngang frå tunet for at mjølka skulle kunne fraktast direkte frå fjøsen til kjøling utan å måtte innom fleire rom i huset. Interiøret består av eit flislagt golv og veggane er delvis i måla plater og pussa murveggar som er måla i same gulfarge som platene. Taket består av kvitmåla panel. Det er innreia med ein fast montert benk. Frå dette rommet er det inngang til rom 0.2. kjølerom.

Rom 0.2 Kjølerom

Kjølerommet var viktig for oppbevaring og produksjon av mjølkeprodukt. Rommet er i pussa og måla mur. Langs to av veggane er det ei innebygd eit fliskledd basseng/renne der mjølkeprodukta stod til kjøling. Kjølesystemet bestod av at det rann kaldt vatn inn i bassenget/renna slik at mjølkespanna og liknande som stod der heldt seg kalde. Takhimlingen er i kvitmåla panel og rommet har to veggfaste hyller i den eine enden. Dør og listverk er måla i ein mørk blåfarge.

Rom 0.3 Bad

Rom 0.3 var bygd som bad for dei tilsette som arbeidde inne i huset. Rommet har fliser på golvet og veggane er dels i pussa og måla mur, dels måla panel. Takhallinga består av kvitmåla panel. Badet er enkelt innreia med toalett, dusj med forheng og vask. Toalett, dusj og vask er av nyare dato.

Rom 0.4 Gang

Den innvendige gangen i kjellaren gav tilkomst til alle romma i denne etasjen. Gangen har ingen vindauga ut, men det er innvendige vindauga mellom rom 0.10 og gangen som slepp noko dagslys inn i gangen. I tillegg har fleire av dørene inn til gangen vindauga som slepp dagslys inn. Golvet i gangen har terrakottafliser, veggane er kledd med gulmåla plater og dørene er måla i ein mørk blåfarge. Dørene er fyllingsdører og ein del av dei har vindauga. Vindauga i ytterveggen er kvitmåla.

Rom 0.5 Soverom

Kjellaretasjen hadde opphavleg tre soverom til tilsette. To av soveromma var tydelegvis berekna på to personar, medan soverom 0.5 var noko mindre og hadde berre plass til ein person. Soverommet har golvbelegg og veggane har måla plater. I taket er himlingen kvitmåla og i delar av rommet er bjelkelaget synleg. Av fast inventar er det eit klesskap og eit vegghengt skap, begge kvitmåla.

Rom 0.6 Trappegang

Kommunikasjonen mellom kjellaren og første etasje var svært viktig for drifta av huset. Trappa opp til første etasje var difor plassert like ved kjøkkenet i kjellaren og kom opp i anretningen i første etasje. Trapperommet er enkelt utforma med ei trapp i tre med belegg i trinna. Veggane er kvitmåla plater og det er eit raudmåla handlist.

Rom 0.7 Kjøkken

Kjøkkenet var opphavleg delt i to rom med to-fløya dør i mellom. Når ekteparet Singer var bortreist om vinteren, nytta dei tilsette den minste delen til arbeidsrom slik at ein ikkje trengte å varme opp heile det store kjøkkenet. Kjøkkengolvet har belegg med mønster av terrakottafliser, og veggane har gulmåla mur og brystningspanel. Taket er kvitmåla panel. Dører, hyller og veggfaste skap er måla i ein mørk blåfarge. Langs veggen inn mot gangen er det store veggfaste skap med glasdører til oppbevaring av servise. Ved veggen mot trappa opp til 1. etasje er det ein matheis som går opp til anretningen.

Rom 0.8 Vindfang kjøkken

Golvet har terrakottafarga fliser. Veggane består dels av panel og dels av pussa mur, begge delar måla i same gulfarge. Taket er panelt og måla kvitt. Vindauga med listverk og karm er kvitmåla, ytterdøra og døra mot kjøkkenet er måla mørkblå. Døra mot kjøkkenet er todelt, slik at ein har moglegheit til å opne berre den øvste delen av døra.

Rom 0.9 Forrådsrom/vaskerom

Rommet var opphavleg grovkjøkken og vaskerom. I dag vert det brukt til vaskerom. Rommet har murgolv. Veggane består av pussa mur og umåla panel. Vindauga og dør er kvitmåla. Av fast inventar er det her ei kvitmåla grue og ein vedfyrt kjele.

Rom 0.10 Møterom

Opphavgleg var dette eit soverom til tenestefolket og på planteikningane var det laga til to personar. Rommet har i seinare tid blitt gjort om til møterom. I den samanhengen vart og to kott fjerna og arealet har gått inn i møterommet. Alle overflater i rommet er nyare. På golvet ligg det teppe og veggane har glasfiberstrie som er måla kvit. I taket er bjelkelaget synleg men himlinga mellom bjelkelaget er fora noko ned. Taket og bjelkane er måla kvite.

Rom 0.11 Soverom

Soverommet har blitt oppussa med nye overflater på veggjar og golv. Rommet har i dag teppe på golvet og veggane er i måla glasfiberstrie. Taket har synlege bjelkar og både dei og himlinga er måla kvit. Vindauga og dører er kvitmåla. Det er to innebygde skap i rommet, begge med kvitmåla fyllingsdører.

Rom 0.12 Vedbu

Vedbua vert i dag nytta som lager til hagemøblar og andre gjenstandar. Golvet er i pussa betong. To av dei innvendige veggane har umåla ståande panel, medan dei andre veggane er i pussa mur som har vore måla kvite. Taket er i umåla panel. Pipa er pussa, og har truleg ikkje vore måla. Det er eit trefagsvindaug i rommet som er måla mørkeblå.

Rom 0.13 Brannsikker rom

Det brannsikre rommet har inngang frå vedbua og er eit rom med golv veggjar og tak i mur. Døra inn er i stål og er blåmåla. Rommet har ingen vindaug, men det er sett inn enkle hyller i tre til oppbevaring.

Rom 0.14 Hushaldningskjellar/spiskammer

Spiskammeret blei brukt til oppbevaring av tørrvarer, hermetikk og kjøkkenreiskap. I tillegg var det her eit arbeidsbord midt i rommet. Golvet har terrakottafliser, veggane består av pussa mur og umåla panel. Takhimlingen er umåla panel. Dører og vindaugskarmer er måla mørk blå. Langs langveggane er det veggfaste hyller i umåla tre. Under hyllene langs den eine langveggen er det store oppbevaringskassar i umåla treverk. Under hyllene langs den andre langveggen er det arbeidsbenkar og oppbevaring til reiskap.

Rom 0.15 Vinbod

Sjølv om ekteparet Singer skjeldan drakk vin, vart det servert vin til gjester. I kjellaren var det ei eiga vinbod til oppbevaring av vinen. Bua hadde mura golv og pussa, men umåla veggjar. Takhimlingen er i umåla panel. Den er innreia med veggfaste hyller i umåla treverk til oppbevaring av vinen. På døra heng framleis ei oversikt over vinen frå 1931.


Rom 0.16 Skap

I kjellaren er det fleire innebygde skap. Skapa har dører med fire fyllingar og innvendig er dei utstyrt med veggfaste hyller i tre. Skapa er måla kvite innvendig og dei største av skapa har lys i taket.

2.2.2.2 Første etasje

Første etasje var huset sin hovudetasje, der ekteparet Singer budde og tok i mot gjestar. Etasjen har ei klar funksjonsdeling, der dei representative romma ligg mot vest med utsikt utover Olden. Dei private delane av huset er lagt i bakkant mot aust og er skjerma frå den representative delen. Planløysinga er organisert rundt to innvendige korridorar, der hallen gjev tilkomst til dei representative romma og gav plass for å stille ut ein stor del av ekteparet Singer si samling. I midten av huset var det trapp opp til 2. etasje, samt garderobe og kott til oppbevaring. Bak trappa var det ein korridor som gav tilgang til soverom og bad til ekteparet Singer og deira husven Dooijewaard.

Eit karakteristisk trekk ved villaen sin første etasje er at dei representative romma er forholdsvis små. Spisestova er og forholdsvis lita og den var innreia med eit lite rundt bord. Samanliknar vi med tilsvarande rom i villaen De Wilde Zwanen i Laren, ser vi at dei er vesentleg større. Munnlege kjelder fortel at ekteparet Singer også brukte rom 1.6 som spisestove. Dette rommet er større og er i dag innreia med eit langbord. Eit måleri av J. Dooijewaard med motiv frå rom 1.6 syner at det er spisebord også i dette rommet. Dessverre har vi pr. i dag ingen interiørbilete som syner dette rommet innreia som spisestove. Berre eit eldre bilete er funne, og det syner enden av rommet mot spisestova.



Romoversikt 1. etasje

- 1.1 Vindfang
- 1.2 Kontor
- 1.3 Hall
- 1.4 Peisestove
- 1.5 Kabinett/bibliotek
- 1.6 Solrom/veranda
- 1.7 Spisestove
- 1.8 Anretning
- 1.9 Toalett
- 1.10 Soverom, fru Singer
- 1.11 Bad
- 1.12 Soverom, hr. Singer
- 1.13 Gang med skap
- 1.14 Bad
- 1.15 Soverom, Dooijewaard
- 1.16 Gang
- 1.17 Kott
- 1.18 Kott
- 1.19 Garderobe
- 1.20 Trapp til 2. etasje

Rom 1.1 Vindfang

Hovudinngangen til villaen er gjennom rom 1.1 med den kvitmåla inngangsdøra. Døra er ei to-fløya fyllingsdør med småruta glas i øvste fylling. Døra mellom rom 1.1 og rom 1.3 er ei fyllingsdør med to fyllingar, der den øvste fyllinga har eit vindaug med 9 ruter. Døra er delt i to, slik at det er mogleg å berre opne den øvste delen av døra. Golvet har tre terrakottafarga fliser. Golvlista er måla grå og veggene er kledd med plater og måla i ein lys grøn farge. I vindfanget er det på kvar side av inngangsdøra to små eitt-ramsvindaug med 10 ruter i kvar ramme. På veggene mot vest er det eit to-ramsvindaug med 20 ruter i kvar ramme. Vindaugskarmar og lister er i same kvitfarge som inngangsdøra. Takhimlingen har synlege bjelkar som er måla gul-oker. Rommet er møblert med ein benk med utskjeringar, ein kommode og ein stol trekt med lær i rygg og sete. Stolen er dekorert med naglar som festar læret samt utskjeringar i treverket.

På golvet er eit knytt golvteppe i djupe raud- og blåfargar og gardinene i vindfanget har mønster med rosa roser på kvit botn. På veggane heng det eit bilete av W. H. Singer jr. samt eit fotografi av Singer og Kong Haakon og ein teikning av eit landskap. I tillegg er det innreia med fleire mindre gjenstandar.

Rom 1.2 Kontor

Kontoret ligg like ved vindfanget og er eit hjørnerom med to to-rams vindaug med 20 ruter i kvar ramme. Golvet er eit tregolv måla grått og med golvlister i same gråfarge. Veggane er plater trekt med papir og måla i ein gyllen kvitfarge. Takhimlingen har synleg bjelkelag som er kvitmåla. Mot vestveggen er det ein vedomn plassert mot ei pussa brannmur som er umåla.

Rommet er møblert med eit skrivebord med telefon, eit avlangt bord ved sida av skrivebordet, eit lite bord under vindauga ut mot Oldedalen, ein divan, eit lite bord ved divanen, to lenestolar samt ein pinnestol, to fotskamlar, og to store skap i mørkt treverk. Gardinene har eit kraftig blomstermønster på kvit botn. I tillegg er rommet dekorert med fleire maleri, mellom anna eit stort maleri av Singer over skrivebordet, i tillegg til ei mengde foto og mindre gjenstandar plassert på skåpa.

Rom 1.3 Hall

Hallen var det første av dei representative romma som gjestane kom inn i. Hallen var ei viktig ramme for utstilling av mange av gjenstandane i samlinga til ekteparet Singer. Då dei budde i huset var det her eit stort bord i nybarokk som var ein viktig del av møblementet for å kunne stille ut dei mange gjenstandane som dei hadde samla på.

Hallen har ingen vindauga og er difor avhengig av elektrisk lys, samt indirekte lys frå romma rundt som kjem gjennom vindauga i dørene. Golvet består av gråmåla trebord og golvlister i same gråfarge. Veggane er kledd i plater som er måla i ein lys grønfarge. Dørene er kvitmåla fyllingsdører, fleire av dei med glasfelt som slepp lys inn i gangen. Glasfelta består av smårutete vindauga. Himlingen har synlege bjelkar og er måla kvite. Frå hallen var det inngangsdører til peisestova, biblioteket/kabinettet og spisestova, samt til trappa opp til 2. etasje. Garderoben er plassert under trappa og har tilgang frå ei dør i hallen.

Opphavleg var det her ei stor mengde møblar og mindre gjenstandar. I dag er framleis fleire større møblar bevart frå tida ekteparet Singer budde her, mellom anna eit stort skap, ein kommode og eit bord. Av mindre gjenstandar er det bevart ei markant lampe med frynser, ei antikk klokke, eit skap med smågjenstandar frå samlinga, eit antikt bord i lakk og raudt, samt ulike mindre gjenstandar i keramikk og glas. På veggane heng fleire måleri, nokon av Singer men og nokon av andre, mellom anna ein pastell teikna av fru Singer. I tillegg til måleri og teikningar er det fotografi av ekteparet Singer. På golvet ligg det fleire knyttta antikke tepper. Sjå eiga liste over gjenstandar som er omfatta av fredinga.

Rom 1.4 Peisestove

Frå hallen kunne ein kome direkte inn i peisestova som var det største av dei representative romma i villaen. Peisestova har eit gråmåla tregolv, med golvlister i same gråfarge. Veggane er kledd med plater og måla i ein varm kvitfarge. Vindaugskarmar og sprosser er måla i kvitt, det same er dørene. I taket er det synlege bjelkar og både bjelkane og himlinga er måla kvite. Det mest dominerande elementet i peisestova er den store klebersteinspeisen som er plassert mellom dørene til hallen og til biblioteket/kabinettet. I taket er det ei lysekrona i messing. Rommet er møblert med ei rekkje møblar frå den tida ekteparet Singer budde her: kurvstolane, polstra armstol med gobelengstoff, 2 sidebord, eit med radio. Knyttta golvteppe. På veggane heng fleire av Singer sine måleri med motiv frå Olden. Sannsynlegvis er fleire av møblane i rommet frå ekteparet Singer si tid, men det er manglar dokumentasjon. Flygelet stod opphavleg i bungalowen.

Gardinene i rommet er dei same som vi finn i rom 1.1 vindfang, det er og sydd puter i same stoffet som ligg i fleire av stolane i peisestova. Basert på eldre foto ser det ut til at desse er kome til etter at fru Singer døyde.

Rom 1.5 Kabinett/bibliotek

Kabinettet er ei mindre stove som ligg mellom peisestova og solrommet. Det er inngang til kabinettet frå hallen, peisestova og solrommet. Rommet har eit gråmåla tregolv med lister i same gråfarge som golvet. Veggane er kledd med plater og måla i ein lys grønfarge. Vindaugskarmar og listverk er kvite, det same er dørene. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Av fast inventar er den store klebersteinspeisen plassert på veggane mot peisestova svært markant, i tillegg er det låge kvitmåla bokskap med glasdører ved to av veggane. I taket heng ei lysekrona i messing.

Rommet er tett møblert med ei sitjegruppe i kurv beståande av ein sofa, eit rundt bord og tre lenestolar. I tillegg er det eit bord ved døra til peisestova og eit sidebord ved mellom peisen og døra til hallen. Ved døra mot solrommet er det ein lenestol i kurv og eit sidebord. På golvet er det to knyttta tepper, eit stort under sitjegruppa og eit mindre ved døra til hallen. På det veggfaste bokskapet er det ei samling med keramikk og det er også ei rekkje messinggjenstandar utstilt på peishylla og på bordet ved peisen. I bokskapet er det ei samling med bøker etter ekteparet Singer. På veggane heng fleire måleri i gullramme.

Rom 1.6 Solrom/veranda

Solrommet vert omtala både som solrommet og på teikningane er det omtala som veranda. Det vart og brukt som spisestue². Rommet har inngang frå både kabinettet og spisestova. Karakteristisk for dette rommet er bandet av vindauga som går langs tre av veggene. Vindaugsbandet vert brote av den to-fløya døra som leier ut i hagen. Vindauga i dette rommet skil seg frå dei andre romma i huset ved at ingen av dei er delt opp i sprosser, men kvart vindauga har ei heil rute. På arkitekt Bull sine teikningar er vindauga i solrommet av den same smårutatypen som i resten av huset. Men på foto som syner huset som nybygd ser det ut som at ekteparet Singer har endra vindaugstypen i solrommet til dei store rutene utan sprosser som er der i dag.

Rommet sitt interiør er svært enkelt med gråmåla tregolv, med golvlister i same gråfarge. Veggane er måla i ein varm lys/beige kvitfarge og vindaugskarmar, lister og dører er kvitmåla. I taket er det synlege bjelkar og både desse og himlingen er måla kvite. Gardinene i dette rommet er merkbar mørkare enn i dei andre romma, men også her er dei blomstermønstra. På veggane heng det fleire mindre maleri av Singer. Rommet er møblert med eit stort langbord, med tilhøyrande kvite pinnestolar med armlene. I hjørnet mellom dørene til spisestova og kabinettet står ein bord med skuffer. På bordet er det fleire mindre gjenstandar etter ekteparet Singer.

Rom 1.7 Spisestove

Spisestova ligg bak solrommet og det er tilgang til den frå solrommet, hallen og anretningen. Rommet var brukt av ekteparet Singer til dagleg. Venen Jaap Dooijewaard har mellom anna måla fru Singer sittande ved spisebordet med Hedvig Fredheim som serverer.

Rommet har det same gråmåla tregolv med gråmåla golvlister som vi finn i solrommet. Veggane er kledd med plater som er måla i ein lys beigefarge. Fyllingsdørene, vindaugskarmar, sprosser og lister er måla kvite. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvit,

Sjølv om rommet sitt interiør har lite fargar, opplever vi rommet som svært fargerikt i dag på grunn av ekteparet Singer sine møblar. Spisebordet er måla i ein mørk grønfarge og trestolane med armlene rundt bordet er måla oransje. I tillegg er det her eit anretningsbord, sidebord og to hjørneskap som alle er måla i den same mørke grønne fargen som spisebordet. Alle dei mørkegrøne møblane er dekorert med måla småblomar i ulike fargar. I dei grønne hjørneskapet vert teservice og krystallkaraflar stilt ut. Over spisebordet heng det ei stor lysekrone i lysegrønt og gull. På veggane heng det fleire maleri i gullramme og på golvet er det eit raud og blåmønstra teppe. Gardinene er stripe i oransje og brunt.

Rom 1.8 Anretning

Anretningen var viktig i samband med matserving på Dalheim. Rommet ligg like ved spisestova og trappa frå kjellaren kjem opp i anretningen slik at ein hadde god

² Informasjon frå Jostein Fredheim 2019

kommunikasjon mellom kjøkkenet, anretningen og spisestova. Rommet vart truleg pussa opp på 1960-talet og fekk då ny kjøkkeninnreiing. Matheisen og eit stort veggfast skap til dekketøy er opphavlege delar av interiøret som framleis bevart.

Golvet har eit grått belegg, veggane er plater som er måla i ein lys grøn farge, veggen mellom under- og overskapa er kledd med kvite fliser i sprutsona ved vasken. I taket er det synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla i ein varm kvitfarge. Vindauga har kvitmåla karmar og lister. Innreiinga består av eit typisk 1960-tals kjøkken, moglegvis plassbygd, måla i ein grøn farge som er noko mørkare enn veggfargen. Benkeplatene er i stål og går over tre av veggene. Ved sida av trappa er det eit stort skap med glasdører der service og glas vert oppbevart.

Matheisen er eit viktig element i interiøret som er frå ekteparet Singer si tid på Dalheim. Den bind saman kjøkkenet med anretningen og gjer det enkelt å frakte mat og anna mellom etasjane.

Rom 1.9 Toalett

Mellom kontoret og fru Singer sitt soverom er det bygd eit toalettrom, med dører til både kontoret og fru Singer sitt soverom. Rommet hadde opphavleg også plass til ein garderobe, men denne er seinare bygd om til rømmingsveg frå andre etasje.

Golvet er flislagt med lyse terrakottafarga fliser med grå golvlister. Veggene er plater som er måla i ein lys aprikosfarge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla i ein varm kvitfarge. Dører, vindaugskarm og lister er måla kvite.

Av fast inventar er det eit eldre toalett og vaskeservant, mogleg at dei er opphavlege. I tillegg er det eit kvitt vegghengt skap ved sida av vindaugget. I hjørnet ved døra inn til kontoret står det ein stor safe der fru Singer oppbevarte verdisaker. Denne er måla i same aprikosfarge som resten av rommet. Rommet har også ein del mindre gjenstandar som er fastmontert og som stammer frå ekteparet Singer si tid på Dalheim, mellom anna toalettpapirhaldar, såpekoppar og haldarar for tannglas, samt haldarar for handkle.

Rommet har i tillegg ein del laust inventar frå tida då ekteparet Singer budde her. Eit kvitt konsollbord med ein spegel i gullramme over er plassert ved sida av døra inn til fru Singer sitt soverom. I hjørnet ved vindauga er det ein kvitmåla trestol. I tillegg til det faste inventaret er det mange mindre lause gjenstandar her.

Rom 1.10 Soverom fru Singer

Fru Singer sitt soverom har inngang frå både toalettet og frå gangen utanfor. Golvet er i dag dekkja med grå teppefliser, tidlegare har det her vore måla tregolv. Golvlisterne er måla i same grå farge som på toalettet, rom 1.9. Veggane er kledd med plater som er måla i ein kvit farge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla i ein varm kvitfarge. Dører, vindaugskarm og lister er måla kvite.

Av fast inventar er ein etasjeomn i jern plassert mot rom 1.11. brannmuren er måla i same farge som resten av rommet. Ved sida av senga er det montert ein hustelefon som har kopling til rom 1.15, som var det rommet husvenen Dooijewaard budde.

I soverommet er det framleis bevart ei rekkje av fru Singer sine møblar og private gjenstandar. Himmelsenga i mørkt treverk med blomstrete kapper er den mest dominerande gjenstanden i rommet, og har ein typisk amerikansk utforming. I tillegg er det her eit stort sminkebord, ein kommode, eit mindre sidebord, nattbord og ein gyngestol i same mørke treverket. Langs veggen mot toalettet er det ein divan som er trekt med det same blomstrete stoffet som vi finn i både senga og gardinene i rommet. Framfor vedommen er det eit skjerm Brett i messing. Over senga heng et landskapsmåleri av W. H. Singer, i tillegg til andre bilete i rommet. På golvet er det knytta orientalske tepper. Det er også bevart opphavlege lamper og på bordet ved vindauga er tre av hattane til fru Singer utstilt.

Rom 1.11 Bad

Rommet ligg mellom soveromma til hr. og fru Singer. Golvet har lyse terrakottafarga fliser og grå golvlister. Veggane er kledd med plater og glasfiberstire som er måla i ein lys rosafarge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Dører, lister og vindaugskarm er måla kvite.

Av fast inventar er rommet innreia med eit badekar og vaskeservant som kan vere opphavlege. Av anna fastmontert baderomsutstyr finn vi såpehaldar, haldarar for badesvamp og for handkle. Av lause gjenstandar frå tida til ekteparet Singer er eit kvitmåla konsollbord ved sida av vaskeservanten og ein kvitmåla trestol. Gardinene er kvite med småblomstra mønster, sannsynlegvis er desse av nyare dato.

Rom 1.12 Soverom, hr. Singer

Hr. Singer sitt soverom kan ha blitt utvida med eit karnapp etter at huset var ferdig, då karnappet manglar på Bull sine teikningar. Alternativt har ein bestemt denne endringa under byggeprosessen for huset utan at ein har teikna det inn på dei tilgjengelege teikningane.

Golvet har lyseteppefliser og gråmåla golvlister. Veggene er kledd med plater og måla i ein lys grønfarge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla i ein varm kvitfarge. Dører, listverk og vindaugskarmer er måla kvite.

Rommet har ikkje fast inventar, men eit heilskapleg gult møblement med seng, nattbord, to ulike trestolar ein med og ein utan armlene, kommode med integrert spegel og eit sidebord. Det gule møblemet har dekorerte detaljar i form av måla blomsterborder og blomsterdekor på handtaka i oransje og raudt med grønne blad. I tillegg til dei gule møblane er rommet innreia med ein divan med eit vevd teppe over, ein fletta lenestol av same type som står i peisestova og eit kvitt brettbord. På golvet er det eit orientalsk knytta golvteppe og på veggane heng det fleire måleri og fotografi. Gardinene i karnappet er lyse med raude blomar. Putene i lenestolen er av same stoff som gardinene.

Rom 1.13 Gang med skap

Mellom rom 1.12 og 1.14 er det ein gang som leiar til dør ut i hagen på baksida av huset. Langs eine langsida i gangen er det innebygde skap og det er tilgang til desse via dei tre skapdørene.

Golv er i tre med gråmåla bord, golvflisene er måla i same gråfarge. Veggane er kledd med plater og måla i ein lys grøn farge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Alle dører er fyllingsdører og deira listverk er måla kvite. Døra ut til hagen har eit stort glasfelt øvst som slepp dagslys inn i gangen.

Rom 1.14 Bad

Rom 1.14 ligg vegg i vegg med rom 1.15 og dette badet vart nytta av husvenen Dooijewaard. Golv, tak og veggjar er likt med rom 1.11. Av innreiinga kan badekaret, vaskeservanten og ei gul vegghylle ved vaskeservanten vere opphavlege. I tillegg er det bevart eldre veggfaste mindre interiørdetaljar som såpehaldar, haldar for tannglas og haldarar for handkle. Gardinene i rommet er av same type som i rom 1.11 og kan vere av nyare dato.

Rom 1.15 Soverom, Dooijewaard

Rom 1.15 er hjørnerommet i bakkant av huset som har vindauga ut mot drengestova og tunet. Rommet vart brukt av husvenen Dooijewaard som budde her saman med ekteparet Singer. Golv er i tre med gråmåla bord, golvlistene er måla i same gråfarge som golv. Veggene er kledd med plater som er måla i ein varm kvitfarge. I taket er det synlege bjelkar og bjelkane og himlingen er måla kvite. Dør, listverk og vindaugskarmar er måla kvite.

Av fast inventar er ei lysekrone i messing av same typen som er i kabinettet, rom 1.5 og ein hustelefon av sametype som i rom 1.10.

Karakteristisk for interiøret er det gule møblementet som består av to enkeltsenger, eit skrivebord med skuffer, ein kommode med dekorert spegel over, ein trestol med armlene og to stolar utan armlene, eit lite sidebord plassert mellom to av stolane, samt eit nattbord med skap og ei skuff og ei laus bordlampe. Alle møblane har ei enkel og elegant utforming og er måla i ein skarp gulfarge, i tillegg er dei dekorert med blomsterborder i ulike fargar. Spegelen over kommoden har i tillegg eit utskore relieff med motiv av fuglar og blomar i overkant.

På veggane er det fleire maleri, teikningar og fotografi, gardinene er i eit småblomstra stoff.

Rom 1.16 Gang

Rom 1.16 er den bakre gangen som gav tilkomst til dei privat romma i villaen. Gangen går frå fru Singer sitt soverom og til ytterveggen ved rom 1.15. Den er delt av ei dør ved rom 1.13 og såleis skil den ekteparet Singer sine rom frå Dooijewaard sitt rom og bad.

Ved hjelp av denne gangen kunne ein ha eit tydeleg skilje mellom dei representative romma og dei private romma i villaen. Golvet er eit gråmåla tregolv med golvlister i same gråfargen. Veggane er kledd med plater og måla i ein lys grønfarge. I taket er bjelkane synlege og både bjelkane og himlingen er måla i ein varm kvitfarge. Gangen har ei rekkje dører inn til dei ulike romma og kotta, dørene er kvitmåla fyllingsdører med fire fyllingar, dørhandtak og låsbeslag er i messing.

Rom 1.17 Kott

Mellom hallen og den bakre gangen er det plassert to kott ved trappa. Rom 1.17 er det største av desse. Kottet har vore brukt til oppbevaring av klede, og anna. Golvet i kottet er eit brunmåla tregolv med kvite golvlister. Veggane og taket er kledde med plater og måla i ein gyllen kvitfarge. Kottet er innreia med to veggfaste hyller plassert høgt på to av veggane, under hyllene er det sett opp stang til å henge opp klede. Hyllene er kledd med hyllepapir og dekorert med papirborder langs kanten.

Rom 1.18 Kott

Golv, vegg og tak i dette kottet er likt som i rom 1.17. dette kottet har to veggfaste hyller som fyller heile rommet slik at det minnst mest om eit skap. Hyllene er trekt med hyllepapir og kanten er dekorert med ei blondebord.

Rom 1.19 Garderobe

Rom 1.20 Trapp til andre etasje

Trappa opp til andre etasje ligg mellom hallen og den bakre gangen. Trapperommet er lukka og det er dør inn til den frå både hallen og den bakre gangen. Trappa er i tre og er måla i ein sterk raudfarge, med grå trinn. Trappa har eit repos halvvegs, øvste halvdelen av trappa har eit gelender måla i kvitt med handlist i tre. Veggane er kledd med plater og måla i ein lys grønfarge. I trapperommet heng det ulike teikningar og måler. I taket heng det ei lysekrona i messing med kuleforma kuplar.

2.2.2.3 Andre etasje

Andre etasje hadde ulike funksjonar. Her var to gjesterom til dei gjestane som budde i huset i kortare periodar. I tillegg hadde Dooijewaard atelier her i den tida han budde i huset saman med ekteparet Singer. Dooijewaard sitt atelier vart på 1960 talet bygd om til soverom i samband med at huset fekk ny funksjon etter at fru Singer døydde og Nordfjord sjukehus overtok eigedomen. Andre etasje romma opphavleg eit stort tørkeloft. Delar av dette har blitt integrert i eit av dei nye soveromma.

Trappehallen var opphavleg open med eit gelender rundt trappa og ekteparet Singer hadde ein del av samlinga si utstilt her til glede for gjestane. Ved ombygginga etter fru Singer sin død har trapperommet blitt innbygd og øvre hall er difor mykje trongare enn opphavleg.

Romoversikt 2. etasje



- 2.1 Trappegang
- 2.2 Øvre hall
- 2.3 Bad
- 2.4 Soverom/dronningværelset
- 2.5 Soverom/kongeværelset
- 2.6 Soverom
- 2.7 Soverom
- 2.8 Soverom
- 2.9 Gang
- 2.10 Tørkeloft
- 2.11 Trappegang
- 2.12 Bad
- 2.13 Soverom

Rom 2.1 Trapperom loft

Sjå rom 1.20.

Rom 2.2 Øvre hall

Øvre hall gjev tilkomst til alle romma i 2. etasje. Opphavleg var det eit ope rom med trappa, men trappa har seinare blitt bygd inne med veggjar slik at ein har fått eit lukka trapperom og i den samanhengen vart øvre hall vesentleg smalare.

På golvet i hallen er det lagt eit gråmelert belegg. Veggene er kledde med plater og måla lys grøne. I taket er det synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Dørene inn til alle romma er kvitmåla fyllingsdører med fire fyllingar i kvar dør. Dørhandtak og beslag er i messing. Nokre av dørene er av nyare dato.

Øvre hall vart opphavleg brukt til å stille utgjenstandar frå samlinga til ekteparet Singer. I dag er det stilt ut nokre gjenstandar her slik som ei kiste og eit skap, samt måleri og teikningar frå ekteparet Singer si samling.

Rom 2.3 Bad

Rom 2.3 har vore bad frå huset vart bygd. Det har gjennomgått nokre moderniseringar etter at fru Singer døydde, men rommet og ein del detaljar er slik det truleg har vore opphavleg. Golvet har lyse sandsteinfarga fliser, golvlista er måla i same grå farge som vi finn i mange av romma på loftet. Veggane er kledd med plater og måla rosa. Taket har synlege bjelkar og måla kvitt. Vindauga, dør og listverk er kvitmåla. Av eldre

innreiing er vasken, toalettpapirhaldar, tannglashaldarar og handklestang. I tillegg er det her tre stolar og to bord som kan vere eldre.

Rom 2.4 Soverom/ «droningværelset»

Rom 2.4 er eit av dei to gjesteromma i villaen som vart brukt av besøkande til Dalheim. Etter at Bungalowen vart bygd vart den nytta til gjestar som var på lange besøk, medan gjesteromma i villaen vart brukt til gjestar som var på kortare besøk. Begge gjesteromma er plassert med utsikt til tunet.

På golvet er det i dag lagt eit gråmelert belegg. Dei opphavlege gråmåla golvlistene har fått fylje av ei smal umåla vaskelist som sannsynlegvis kom i samband med at det var lagt golvbelegg over det opphavlege tregolvet. Veggene er kledd med plater og måla i ein kraftig gulfarge. Rommet har skråtak på om lag halve delen og flatt tak på resten. Det er synlege bjelkar i taket, både i den delen som er flat og den som er skrå. Både bjelkane og himlingen er måla kvite. Det er to fyllingsdører inn til eit kott/skap under skråtaket og både desse og døra inn til rommet er måla kvite med kvite lister. Vindaugslister og karm er måla kvite.

Av fast inventar i soverommet er ei lysekrone i messing og ein vedomn i jern av same type som i fru Singer sitt soverom. Mellom kotta/skåpa er det ei nisje der ein vaskeservant er plassert. Ved servanten er det ein vegghengd såpekopp og to haldarar til tannglas.

Møblementet er heilskapleg og består av to senger, to nattbord med bordlamper, tre pinnestolar med fletta sete, ein gyngestol, eit sidebord, ein spegel som står på golvet, eit toalettbord med spegel. Alle møblane er måla lyse blå med måla blommedekor i ulike fargar. Møblane er truleg bestilt frå London til då huset vart bygd.³ Framfor vedommen er det eit skjerm Brett i messing og på golvet er det fleire knytta orientalske golvteppe. Gardinene er kremfarga med blomsterdekor i ulike raudfargar. På veggene heng det fleire måleri.

Rom 2.5 Soverom/ «kongeværelset»

Rom 2.5 er det andre gjesterommet i villaen. Rommet sitt faste interiør er svært likt rom 2.4 med gråmelert golvbelegg, gråmåla og umåla golvlister, veggane kledd med plater og måla i same gulfarge. Taket er også likt rom 2.4 med synlege bjelkar og der både bjelkane og himlingen er måla kvite. Det er her tre innebygde skap/kott som har kvite fyllingsdører og handtak og beslag i messing. Ved sida av inngangsdøra er det ei nisje der det er plassert ein vaskeservant. Saman med vaskeservanten er det ein såpekopp og to haldarar til tannglas som sannsynlegvis er opphavlege. I tillegg er det ein vedomn av same type som i rom 2.4.

Mykje av møblementet som er i rom 2.5 finn vi att på bilete frå Singer sin eigedom i Nederland, De Wilde Zwanen, som vart tatt like etter at dette huset vart bygd. Møblane frå De Wilde Zwanen vart flytta til Dalheim då huset her var ferdig og dei flytta ut av

³ Ragnhild

huset i Laren. Møblane i rom 2.5 består av to senger, to nattbord, ein kommode med fire skuffer og spegel, ein kommode med tre skuffer og spegel, eit bord, ein trestol med polstra sete og ein gyngestol med polstra sete. Alle desse møblane er i mørkt treverk. I tillegg er det ein lenestol i korg av same type som i peisestova, eit blått skjerm Brett. Av mindre gjenstandar finn vi mellom anna ein spegel med gullramme plassert over nattbordet mellom sengene, fleire eldre lamper, ei rekkje måleri i gullrammer samt fleire mindre gjenstandar.

Rom 2.6, 2.7 og 2.8 Soverom

Tidlegare utgjorde desse tre romma eit stort rom, som vart brukt som atelier til husvenen Jaap Dooijewaard. I samband med at huset fekk ny funksjon som rekreasjonsstad for sjukepleiarar ved Nordfjord sjukehus vart atelieret bygd om. Rom 2.6 har teppegolv, gråmåla golvlister, veggane er kledd med plater og måla i ein varm kvitfarge. Taket er kledd med plater og måla kvite. Dører, listverk, vindaugskarm og listverk er måla kvite. Pipa til peisen i rom 1.4 og 1.5 går i gjennom dette rommet og står fritt inne i rommet. Rommet er møblert med to gulmåla senger med tilhøyrande nattbord, i tillegg til eit kvitt bord med to eldre lenestolar og ein kvitmåla kommode. På veggane heng det fleire bilete.

Rom 2.7 har gråmåla tregolv med golvlister i same farge. Veggane er platekledd og måla i ein varm kvitfarge. Taket er kledd med plater og måla kvitt. Vindaugskarmar, listverk og døre er måla kvitt. Rommet har eitt fastbygd skap med fire dører måla i same farge som veggane, skapet er frå ombygginga etter at Nordfjord sjukehus hadde overtatt huset. Av eldre møblar i rommet er to gulmåla stolar, ein gulmåla kommode og eit kvitmåla bord, det er usikkert om desse møblane har vort i huset då ekteparet Singer budde her.

Rom 2.8 består av delar av atelieret til Dooijewaard og delar av øvre hall. Golvet er eit gråmåla tregolv og veggane er kledd med plater og måla i ein varm kvitfarge. Tak, dører og listverk er måla kvite. Under skråtaket i rommet er det eit kott. Døra til kottet er ei kvitmåla fyllingsdør med tre fyllingar og med handtak og beslag i messing.

Rom 2.9 Gang

Rom 2.9 var opphavleg ein del av tørkeloftet, men har blitt delt av til gang samt rom 2.11 og 2.12. Gangen gjev tilkomst til resten av tørkeloftet, rom 2.10 og trappa med nødutgang, rom 2.11, og toalettet på rom 2.12. Gangen har gråmelert golvbelegg i den delen som er nærast rom 2.2 og gråmåla golvbord i den delen som har dør til rom 2.10 og 2.11. Veggane er kledd med plater og måla i den same grønfargen som øvre hall, rom 2.2. Taket er kledd med plater og både det, listverk og dører er kvitmåla.

Rom 2.10 Tørkeloft

Opphavleg var tørkeloftet eit stort rom som opptok heile den austre delen av 2. etasje. I samband med tilpassinga av huset til ny bruk etter fru Singer sin død, vart dette rommet vesentleg endra ved at det vart delt av areal til eit bad, tilkomst til badet og rom 2.8, samt areal til rømmingsveg. Rom 2.10 er det arealet av tørkeloftet som er att etter desse endringane. Delar av rom 2.10 har framleis dei opphavlege overflatene med

umåla/lakka tregolv, veggjar og tak i umåla panel. Vindaugslistene og døra er måla kvit. Dei nye veggane etter avdelinga til rom 2.9 er plater som berre er grunna.

Rommet vert i dag brukt som lager og her er det lagra ein del gjenstandar frå ekteparet Singer si tid.

Rom 2.11 Trappegang/nødutgang

Rom 2.11 er laga til nødutgang for dei som overnattar i gjesteromma på loftet. Rommet består av ei rett trapp ned til ytterdøra i første etasje. Ved trappa er det eit areal som er brukt til lager. Golvet, dei opphavlege veggane og taket er umåla, medan dei nye veggane er måla i same grønfarge som rom 2.9. Trappa og rekkverket er i umåla treverk.

Rom 2.12 Toalett

Toalettet vart laga i samband med ombygginga til fleire overnattingsrom på loftet. Golvet har eit gråmelert belegg, veggane er plater som er måla i den same fargen som på rom 2.9. Tak, dører og listverk er måla kvitt.

Rom 2.13 Soverom

Ein del av øvre hall vart bygd om til eit ekstra soverom i samband med tilpassinga av huset til ny bruk etter fru Singer sin død. Rommet har gråmelert golvbelegg og gråmåla lister. Veggane er kledd med plater og måla i ein varm kvitfarge. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Fyllingsdøra inn til rommet samt listverk og vindaugskarmar er måla kvite. Rommet har eit veggfast klesskap med to dører.

2.3. Bungalow

Bungalowen stod ferdig i 1937. Med bygginga av bungalowen fekk ekteparet Singer eit eige gjestehus til besøkande som kom langvegs frå og som vart buande der over tid. Komponisten Karl Gustav Sparre Olsen og kona hans, pianisten Edith Davidsen, var gode vener med ekteparet Singer og besøkte dei fleire gonger. Under andre verdenskrig budde dei i Bungalowen og dei besøkte fru Singer fleire gonger etter krigen.

Bungalowen er plassert eit stykke vekk frå hovudtunet og dannar saman med vedhuset eit eige lite tun der vegen går mellom husa. Frå vegen er det sti opp gjennom hagen til bungalowen sin hovudinngang i glasverandaen. Ved å plassere den eit stykke vekk frå hovudtunet fekk gjestane her noko meir avstand til ekteparet Singer i hovudhuset.

2.3.1 Eksteriør


Bungalowen er ein einetasjes bygning med loft som står i eit bratt skrånande terreng. I front er det ein høg kjellaretasje med ei dobbel ytterdør, medan det på baksida er dør rett ut i terrenget. Huset kledd med liggande panel og har ein innebygd glasveranda i gavlen mot villaen. Det opne mansardtaket tekka med betongstein er eit karakteristisk

element ved bygningen. Dei småruta vindauga i bungalowen er av same type som på hovudhuset.

2.3.2 Interiør

Bungalowen har gjennomgått svært få endringar frå den tida då ekteparet Singer budde på Dalheim. Endringane i interiøret er i hovudsak avgrensa til bad og kjøkken i første etasje og bad i andre etasje.

2.3.2.1 Kjellar



0.1 Kjellarrom

0.2 Kjellarrom

Rom 0.1 Kjellarrom


Kjellarrommet vert i dag brukt som lager for ulike gjenstandar knytt til Dalheim og drifta av anlegget. Rommet har golv i betong og dei fleste veggane er i betong. Endeveggen inn mot rom 0.2 er kledd med ståande umåla panel. I taket er det synlege bjelkar, oppå bjelkane er himlingen i umåla trebord. Både bjelkar og himling er i umåla tre.

Av fast inventar i kjellaren er det ei vedfyrt bryggjepanne med koparkjele. Ei mengde lause gjenstandar knytt til drifta av anlegget er lagra i kjellaren, mellom anna ein eldre vaskemaskin og ein slede.

Rom 0.2 Kjellarrom

Rommet vert brukt som lagerrom i dag. Golvet er i umåla betong. Veggane er dels i umåla betong, dels er dei kledd med ståande umåla panel. Taket har synlege bjelkar, over bjelkane er himlingen i umåla trebord.

2.3.2.2 Første etasje



- 1.1 Glasveranda
- 1.2 Stove
- 1.3 Soverom
- 1.4 Bad
- 1.5 Kjøkken
- 1.6 Gang
- 1.7 Trapp
- 1.8 Vindfang kjøkkeninngang

Rom 1.1 Glasveranda

Inngangen til Bungalowen er via den romslege glasverandaen. Rommet var opphavleg utan ytterdør, men ein har seinare sett inn ei ytterdør med glasfelt over. Langs to av ytterveggane er det eit band av glasvindauga.

Golvet er i betong. Tre av veggane og taket er panelte og måla kvite. Veggane med inngangsdøra inn til huset er kledd med ytterkledning og måla i same grønfarge som resten av huset. Listverk og stenderar er måla i same grønfarge som huset sitt eksteriør. Ei to-fløya fyllingsdør der den øvste fyllinga i kvart av dørblada består av småruta vindauga, fører direkte inn til stova. På kvar side av inngangsdøra er det eit eit-rams vindauga med 15 ruter i ramma.

I glasverandaen er det eit rundt og eit rektangulært grønmåla bord. I tillegg er det her to kvitmala benker, ein kvitmala hagestol og ein korgstol av same typen som vi finn i rom 1.2 stove.

Rom 1.2 Stove

Frå glasverandaen kjem ein gjennom ei to-fløya dør inn til stova. Stova er i stor grad bevart slik den var på ekteparet Singer si tid på Dalheim. Stova har eit tregolv måla i grått og med grå golvlister. Veggane er kledde med plater og måla kvite. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Om lag midt på langveggen mot badet er det ein stor peis i teglstein. Ved sida av peisen er det ein vedomn i jern. I taket heng det to gule taklamper.

Mange av møblane i stova er frå tida då ekteparet Singer budde på Dalheim. Området ved inngangsdøra er møblert med ei spisegruppe bestående av eit rundt bord og fire stolar med polstra sete. Både bordet og stolane er grønmåla. Ved peisen er det ei

sitjegruppe bestående av to lenestolar i korg av same type som i villaen si peisestove og eit trillebord. I enden av stova mot vedhuset er det ei sofagruppe bestående av sofa, bord og to lenestolar. I kvart av hjørna i kortveggen mot vedhuset er det eit grønmåla hjørneskap. Ved vindauga vis a vis peisen er det eit rundt bord og ein trestol med fletta stolsete. På golvet ligg det tre orientalske knytta teppe. På kortveggen ved spisebordet heng det eit vevd teppe og det er fleire måleri i gullrammer på veggene. Rommet har og fleire eldre lamper både ei stålampe og to tre lampettar. Gardinene er kvite med blomstermønster i raud- og grøntonar. På peisen står ulike gjenstandar frå ekteparet Singer si samling.

Rom 1.3 Soverom

Soverommet har inngang frå stova gjennom ein fyllingsdør med fire fyllingar og dørhandtak og beslag i messing. Golvet og golvlistene er av same type og farge som i stova. Veggane er kledd med plater og måla kvite. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og himlinga er måla kvite. Det er to dører i rommet, ei til stova og ei til badet. Begge dørene er kvitmåla fyllingsdører med fire fyllingar, dørhandtak og beslag i messing. Listverk, vindaugskarm og sprosser er måla kvite.

Rommet er innreia med to enkeltseger, sannsynlegvis av nyare dato, ein kvit kommode og ein korgstol.

Rom 1.4 Bad

Badet er i utgangspunktet to rom der dusjen rommar det eine rommet, medan toalett, vaskeservant og badekar er i det andre. Golvet her terrakottafarga fliser av same type som på bada i hovudetasje på villaen. Veggane er kledd med plater og måla kvite. Taket er i kvitmåla panel. Av fast inventar er badekaret og den vedfyrte varmtvasstanken i kopar sannsynlegvis frå ekteparet Singer si tid, medan vasken og dusjkabinettet er nyare.

Rom 1.5 Kjøkken

Kjøkkenet ligg i bakkant av huset med dør inn til gangen med trappa. Golvet har terrakottafarga fliser. Veggane er kledd med plater og måla i ein kvitfarge. Taket har ein glatt kvitmåla himling. Av fast innreining er det ein kjøkenbenk langs ytterveggen med vask. På kortveggen mot badet er det tre veggfaste hyller i tre som er måla i same farge som veggen. Langs veggen mot trappa er det plassert komfyr og ein liten kjøkenbenk. Truleg er kjøkkenbenkane og komfyren av nyare dato. På kortveggen mot døra er det eit stort grønmåla anretningssskap med glasdører i øvste delen, noko som er typisk amerikansk.

Rom 1.6 Gang

Gangen er eit gjennomgangsrom med dører inn til kjøkkenet, stova, vindfang på baksida og trappa opp til loftsetasje. Golvet har same type fliser som på kjøkkenet. Veggane består av umåla kryssfinerplater. Dørene er kvitmåla fyllingsdører der døra til trappa er to-fløya og har vindauge i øvste fylling. Døra til vindfang/kjøkkeninngang er delt i to horisontalt, der fyllinga i den øvste delen består av ni vindaugsruter.

Rom 1.7 Trapp

Tilgangen til trappa opp til andre etasje er via ei to-fløya fyllingsdør i gangen. Dørblada har glasfelt i øvste fyllinga med tre ruter i kvart dørblad. Dør og listverk er måla kvite. Trappa er måla i same gråfarge som golvet i stova. Veggjar og tak er i umåla kryssfiner. Eit takvindauga slepp dagslys inn i trappa og til rom 2.1. På kvar side av trappa er det ei handlist i umåla treverk.

Rom 1.8 Vindfang kjøkkeninngang

Vindfang til kjøkkeninngangen har golv i umåla betong, veggane er kledd med umåla ståande panel. Taket er kledd med umåla panel av same type som på veggane. Dørene er måla kvite, og ytterdøra er ei fyllingsdør med eit ni-ruta vindauga i øvste fylling. I vindfanget er det to veggfaste hyller.

2.3.2.3 Andre etasje



- 2.1 Gang
- 2.2 Bad
- 2.3 Soverom
- 2.4 Soverom
- 2.5 Soverom
- 2.6 Soverom

Rom 2.1 Gang

Gangen i andre etasje gjev tilgang til badet og tre av soveromma. Golvet er eit gråmåla tregolv med golvlister i same farge. Veggane og taket er kledd med umåla kryssfinerplater. Dørene er kvitmåla fyllingsdører med fire fyllingar og dørhandtak og beslag i messing. Dørlistene er måla kvite.

Rom 2.2 Bad

Golvet på badet har grå fliser med kvite golvlister. Veggane er kledd med plater og måla lys aprikos. Taket har kvite plater og listverket er måla kvitt. Døra er ei kvitmala fyllingsdør med fire fyllingar, av same type som i resten av huset. Badet er innreia med nyare toalett og dusjkabinett. Av eldre innreining er ein vedfyrt varmtvasstank i kopar. I tillegg står det her eit nattbord med løveføter.

Rom 2.3 Soverom

Rom 2.3 er eit L-forma soverom ved sida av badet. Golvet er eit gråmåla tregolv med golvlister i same farge. Veggane og taket er kledd med umåla kryssfinerplater.

Vindaugskarm, lister og sprosser er måla kvite. Ei enkel kvitmåla fyllingsdør leier inn til kott/skap under skråtaket. Av fast inventar har rommet ein vaskeservant. Rommet er innreia med to senger og eit enkelt brunt bord.

Rom 2.4 Soverom

Rom 2.4 sitt interiør er likt interiøret i rom 2.3, med måla tregolv og veggjar og tak i umåla kryssfiner. Også her er det ein vask og ei enkel kvit fyllingsdør inn til kottet under skråtaket. Av eldre inventar er det her to kvitmåla nattbord.

Rom 2.5 Soverom

Rom 2.5 er det største soverommet i bungalowen, i tillegg er her dør inn til rom 2.6. Rom 2.5 har same interiør som rom 2.3 med gråmåla tregolv, veggjar og tak i umåla kryssfiner og listverk og dører måla kvitt. Av fast interiør har rommet ein vaskeservant.

Rommet er innreia med to messingsenger, to kvitmåla nattbord, ein kvitmåla kommode med spegel og ein kvitmåla stol med eit stripete trekk. Gardinene er kvite med raude og rosa blomar.

Rom 2.6 Soverom

Rom 2.6 har inngang frå rom 2.5 og er svært lite, mogleg dette har vore ei form for omkleddingsrom eller oppbevaringsrom. I dag vert det brukt som ekstra soveplass. Rommet sitt interiør er likt dei andre soveromma i andre etasje, med gråmåla tregolv, tak og vegger kledd med umåla kryssfiner og dører og listverk som er kvitmåla. Av fast interiør er det ein vaskeservant.

Rommet er innreia med ei enkelt seng og eit stort toalettbord med spegel i mørkt treverk. Gardinene er av same type som rom 2.5.

2.4 Driftsbygning

Fru Singer var svært opptatt av gardsdrifta på Dalheim og garden vart driven som eit mønsterbruk. I fylje Singer var mjølka på Dalheim dyrare enn champagne som ei fylje av måten dyra vart tatt vare på. Fjosen med låve er ikkje ein tradisjonell norsk driftsbygning i utsjånad og vi ser her tydelege felles trekk med dei amerikanske låvebygningane, spesielt i val av takkonstruksjon.

Driftsbygningen er plassert eit stykke vest for tunet slik at drifta av den ikkje forstyrrar ekteparet Singer sin bruk av hagen rundt hovudhuset.

2.4.1 Eksteriør

Driftsbygningen består av ein underetasje i mur som inneheld fjøset og ein overetasje i reisverk. Den står i eit skrånande terreng og på nordsida går vegen i flukt med overetasjen. Her er det ein stor ark med ei dobbel port inn til låven.


I fjøsdelen er det sett inn ei rekkje småruta vindauga, av same type som vi finn i dei andre husa i tunet. Ytterdørene til fjøsen er labankdører som er delt om lag på midten slik at det er mogleg å berre opne den øvste delen. Under fjøset er det ein møkakjellar og tilgangen til den er frå eit tilbygg på langsida mot sør med to labankdører.

Låven er bygd i reisverk og kledd med ståande panel. Panelborda er sett opp med ei glipe mellom kvart bord for å få god lufting slik at høyet held seg tørt. I tillegg er det ei stor lufteluke øvst i kvar av gavlane. I gavlen mot aust og på langveggen mot sør er det eit småruta vindauga av same type som vi finn elles i tunet. Taket er tekka med skifer og på mønet er ein liten takryttar av same type som på kafeen.

2.4.2 Interiør

Driftsbygningen var ein viktig del av drifta av Dalheim. Fru Singer var svært opptatt av dyrehaldet og standarden på både driftsbygningen og stell av dyra var svært høg noko som syner att i interiøret. Godt reinhald var ein viktig del av dette og fjøsen skulle kalkast jamleg.

2.4.2.1 Fjøs (første etasje)



Rom 1.1 Gang

Rom 1.1 er ein romsleg gang som ein kjem til før ein går inn i fjøset. Rommet har golv i umåla mur, veggane er i kvitkalka mur. I taket er det synlege bjelkar og både bjelkane og himlingen er måla kvite. Ei enkel fyllingsdør med vindauga i øvre fylling leiar inn i fjøsen og på veggen med inngangsdøra er det tre vindauga alle med kvitmåla listverk. Av fast interiør er det her ei kvitmåla kiste med skrått lokk.

Rom 1.2 Fjøs

Fjøset er det sentrale rommet i denne etasjen og det var her plass til fire kyr og ein okse. I tillegg var det sett av areal til kalvar. Golv og veggjar er i mur og veggane vart kalka ein gong i veka. Om sommaren vart det blanda blåfarge i kalken, for fru Singer

meinte at det heldt fluene vekke. Framleis er det bevart restar etter blåfarge i kalken i fjøset. I taket er bjelkane synlege og både dei og himlingen er måla kvite.

Fru Singer var opptatt av at dyra skulle ha det godt, noko som innreiinga i fjøset også ber preg av. Dei originale båsane til kyrne og oksen er framleis på plass samt trelemmane som dei stod på i båsane. I tillegg hadde kyrne kokosmattar som dei stod på, for at dei skulle ha det godt. Ved kvar bås er det skilt med namnet på kyrne/oksen som stod der. Fjøset har mange vindauga slik at det er eit lyst rom, vindaugskarmar og listverk er måla kvite. Den omtala innreiinga i fjøset er fast inventar.

Rom 1.3 Kalvebås

Golvet er i umåla betong og veggane er kvitkalka mur. Taket er i tre med synlege bjelkar og kvitmåla. Døra er ei nettingdør med rammeverk i tre. Av fast inventar er ein kalvebås.

Rom 1.4 Rom med varmtvasstank

Golvet er i umåla betong, veggane er i kvitkalka mur og taket er i tre med synlege bjelkar og kvitmåla

Rom 1.5 Rom til oppbevaring av mjøl

Rom 1.6 Rom til kutting av neper


Fru Singer var opptatt av at dyra skulle ha rikeleg og godt fôr. Rom 1.6 vart brukt til å oppbevare og male opp turnips som fôr til kyrne. Rommet har golv i betong og kvitkalka murveggar og tak. I taket er det ei luke der ein kunne sleppe ned nepene som skulle kuttast opp. Døra er ei kvitmåla fyllingsdør. Av inventar er ei stor kiste til lagring av fôr og ein rotkuttar til å kutte opp turnipsen.

Rom 1.7 Stall

Rom 1.8 Grisehus

Rom 1.9 Inngang til møkakjellar

2.4.2.2 Låve (andre etasje)



Rom 2.1 Låve

Låven vart nytta til lager av hø og reiskap knytt til gardsdrifta. Rom 2.1 utgjør største delen av denne etasjen. Rommet har eit umåla tregolv. Veggane består av reisverket og baksida av kledningen. Kledningen er montert opp med eit mellomrom mellom borda slik at rommet er luftig så høyet held seg tørt. I himlingen er konstruksjonen og taket synleg.

Rom 2.2 Verkstad

Ein liten del av låven er sett av til ein enkel verkstad. Golvet her er det same som i resten av låven. Veggane og taket har umåla panel. Rommet har eit vindauga med kvitmåla sprosser. På veggane er det sett opp ein rekkje enkle hyller i umåla treverk. Ved vindauga er det ein enkel arbeidsbenk.

2.5 Vedhuset

Vedhuset er plassert ved bungalowen eit godt stykke vekk i frå tunet til hovudhuset. Opphavleg var det også bygd drivhus her, eitt som ei forlenging av langveggen til vedhuset og to som stod frittstående vinkelrett på vedhuset. Utanfor drivhusa og vedhuset var det opphavleg drivbenkar og grønsaksåkrar som var ein del hushaldet på Dalheim.

2.5.1 Eksteriør

Vedhuset er plassert ved vegen med møneretning aust/vest. Det er eit hus i ein etasje plassert på ein høg kjellar. Grunna det skrånande terrenget er inngangsdøra i gavlen mot aust i flukt med vegen, samstundes som kjellarveggen i vestgavlen er i ein heil etasje. Grunnmuren er i pussa mur og huset i reisverk og er kledd med liggande panel. Saltaket er tekka med skifer. Ytterdøra til vedhuset er på gavlsida mot vegen, og er ei dobbel labankdør. På kvar av langveggane og i gavlen i front er det to-rams vindauga

med tre ruter i kvar ramme. Val av vindaugstype skil vedhuset frå dei andre bygningane i tunet, der dei småruta vindauga er eit gjennomgåande trekk.

2.5.2 Interiør

Vedhuset består av eit enkelt rom som dekker heile hovudetasjen og der ein har tilgang til loftsetasjen ved bruk av stige frå hovudetasjen. Kjellaren er delt inn i fleire rom, mellom anna eit maskinrom for aggregatet som sytte for straum til hovudhuset og drivhusa, samt eit eige bad til gartnaren.

Kjellaren er i mur og fleire av vindaugsopningane på langveggen mot nord har ikkje vindauga med er dekkja med eit gitter i tre som gjev god lufting til kjellaren. Badet er i pussa mur som er måla og maskinrommet er i mur med synleg murstein og ytterveggjar i mur. Maskinrommet har eit småruta vindauga. Aggregata, bensintankar og sikringstavlene er framleis bevart og dette rommet har ei svært høg grad av autentisitet.

Hovudetasjen på vedhuset er med synleg reisverk og baksida av ytterkledningen er synleg. Rommet har tre-golv, synlege bjelkar i taket og himlinga er undersida av loftsgolv. Ved ytterdøra er det ein stor opning som det ikkje er lagt loftsgolv over. Av fast inventar er det nokon enkle veggfaste trehyller.

I vedhuset er det lagra ei rekkje lause gjenstandar knytt til drifta av Dalheim, mellom anna tønner som tidlegare stod under takrennene for å samle opp vatn til plantene, gjerder, portar og espalier. Dette har vore ein viktig del av utomhusmiljøet på Dalheim og dei utgjer eit interessant kjeldemateriale til hagen.

I tillegg er materialane etter Olden stavkyrkje lagra i vedhuset. Ei ordning som kom i stand i samråd med Riksantikvaren på 1960-talet.

2.5.2.1 Kjellar



Rom 0.1 Kjellar

Kjellaren i vedhuset var gartnaren sin arbeidsplass. Golv og vegger er i umåla betong. Langs eine langveggen er det ikkje glas i vindaugsopningane, berre eit gitter i tre som er måla kvitt. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og borda i himlingen er i umåla treverk. Ei umåla fyllingsdør går inn til rom 0.2.

Rom 0.2 Aggregatrom til kraftproduksjon

Det var viktig med stabil straumforsyning til drivhusa og til fjøsen, bungalowen og villaen. Av den grunn hadde ein eit dieselaggregat i vedhuset som kunne forsyne dei andre bygningane med straum ved behov. Rommet har golv og veggjar i umåla betong. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og borda i himlingen er umåla. Det er eit vindauga i dette rommet og der er sprosser og karm måla kvite.

Det faste inventaret i rom 0.2 er aggregatet til straumforsyninga, sinktankar til oppbevaring av drivstoff og ei marmortavle som styrer straumforsyninga og som kan slå den på til dei ulike husa.


Rom 0.3 Lager til koks

Rommet har golv og bjelkar i umåla betong. Taket har synlege bjelkar og både bjelkane og borda i himlingen er umåla.

Rom 0.4 Bad (rommet er ikkje teikna inn på planteikninga)

Like ved inngangsdøra er det plassert eit lite og svært enkelt baderom til bruk for tilsette. Golv og veggjar er i betong. Veggane er kvitmåla. I taket er det synlege bjelkar og både bjelkane og himlingsborda er umåla. Rommet er innreia med eit badekar og ein varmtvasstank.

2.5.2.2 Første etasje



1.1 Vedhus

Rom 1.1 Vedhus

Første etasje består av eitt ope rom som rommar heile etasjen. Golvet har umåla trebord, veggane består av reisverket og den umåla baksida av ytterkledningen. Delen mot nord har ein flat himling med synleg bjelkelag og der den umåla undersida av golvet i loftet utgjer himlingen. Mot sør er taket ope opp til røstet og det umåla sutaket utgjer himlingen.

I rommet er det i tillegg til ved lagra ulike delar til hagen, slik som dei kvitmåla stakittgjerda og grinder, samt fleire grønmåla tretønner. I tillegg ligg restar av den gamle stavkyrkja i Olden lagra her.



Rom 2.1 Loft

Loftet på vedhuset er ikkje innreidd og består av eit umåla tregolv på den nordlege delen av bygningen. Taket består av baksida på dei umåla sutaksborda.


2.6 Stabburet

Stabburet er plassert med møneretninga vinkelrett mot baksida på tenarbustaden og vart nytta til oppbevaring av matvarer.

2.6.1 Eksteriør

Bygningen er ein enkel trebygning kledd med liggande kledning og eit saltak tekka med torv. Bygningen står på seks stabbar og ei kraftig steintrapp fører opp til inngangen i gavlen. Framfor inngangsdøra er veggane og taket trekt ut, slik at det vert ein lite overbygd veranda her. På kvar side av den er det plassert store skap med hyller til oppbevaring av mat. Ei dobbel halvdør som sperrer verandadelen frå trappa og øvste del av opninga i gavlen, er enkelt dekorert med kvite lister. Forma på opninga over halvdøra til verandaen har ei noko spesiell utforming med ein flatboge som heng ned mot midten av opninga. Utforminga av opninga kan gje assosiasjonar til barokken sin arkitektur på Vestlandet. På gavlveggen mot sør er det eit lite vindauge med fire sprosser.

2.6.2 Interiør



Interiøret består av eitt rom med synlege tømmerveggar og tregolv. Rommet er ope opp til røstet. Heile interiøret er umåla. Det faste interiøret består av enkle umåla trehyller

til oppbevaring av mat. I tillegg til det faste interiøret er det bevart ein rekkje lause gjenstandar etter tida då ekteparet Singer brukte eigeidomen.

2.7 Eldhus med kafe

Kaféen vart nytta som matrom for tenarane. Om sommaren var det mange menneske som arbeidde på Dalheim og det var ikkje plass til at alle kunne ete på kjøkkenet. Kaféen vart bygd like bak hovudhuset, ved sida av tenarbustaden, slik at det var kort veg frå kjøkkenet i hovudhuset til kaféen. I bakre del av bygningen er det eit rom som har hatt funksjon som eldhus.

2.7.1 Eksteriør

Kaféen ligg vinkelrett på tenarbustaden og er ein låg langstrakt bygning. Grunna fall i terrenget er det ei trapp opp til inngangen i gavlen. I framkant av inngangsdøra er takutstikkert trekt ut, slik at ein her har ein liten terrasse med takoverbygg der avslutninga i gavlen har mange av dei same trekka som gavlen på stabburet, men her er det ein ekstra boge på var side og den er måla i same grønfarge som resten av huset. Huset har ein høg mur i front som skrånar bakover med terrenget. Øvre del av huset er kledd med liggande panel, og saltaket er tekka med torv. Over mønet er det plassert ein liten takryttar for klokka som ein kunne kime med når det var mat. I gavlveggen mot nord er det ei to-fløya kvitmåla dør som leier inn til kaféen. På kvar av langsiden er det eit treramsvindauga med 12 ruter i kvar ramme av same typen som vi finn på resten av anlegget. Inngangsdøra til kaféen er ei to-fløya kvitmåla fyllingsdør. Det er også ei innvendig dør her med insektnetting slik at det skulle vere mogleg å ha ytterdøra open for lufting utan at det kom inn insekt.

I sørgavlen er det eit tilbygg med to rom. Inngangen til begge rommet er utanfrå gjennom enkle kvitmåla labbanksdører. Desse romma utgjør ei reiskapsbu og ein utedo.

2.7.2 Interiør



Rom 1.1 Kaféen /matrom

Kaféen har eit gråmåla tregolv, veggane er kledd med ståande umåla panel. Taket er oppe opp til røstet med synlege bjelkar og sperrer. Pipa er kvitmåla og det er ein vedkomfyr koplata til den. Av fast interiør er ein oppvaskbenk og eit veggfast skåp. Det lause interiøret består av eit langbord i umåla tre, ein eller to benker samt ein kvitmåla krakk.

Rom 1.2 Eldhus

Tilkomsten til eldhuset er via innvendig dør frå rom 1.1. Golvet i eldhuset er i betong. Veggane har kvitmåla betong nedst og ståande panel øvst. Rommet er ope til røstet og har synlege bjelkar og sperrer. Himlinga er kledd med panel. Veggjar og tak er svarte etter sot frå då eldhuset var i bruk. Delar av taket vart skifta ut i samband med istandsetjing av taket i 2018, desse delane er i ubehandla tre.

Rom 1.3 Utebu

Inngangen til utebua er via ei kvitmåla labankdør frå utsida. Golvet er i umåla tre, veggane er delvis panel og delvis baksida av kledningen, alt umåla. Taket er i umåla tre. På veggene er det fleire veggfaste hyller. Desse er enkelt utført i umåla treverk.

Rom 1.4 Utedo

Inngangen til utedoen er via utvendig kvitmåla labankdør. Golvet er i umåla tre. Veggane er delvis panel og delvis baksida av kledningen. Taket er i umåla panel. Den faste innreiinga består av ein enkel do.

2.8 Drengestova/tenarbustad

2.8.1 Eksteriør

Tenarbustaden ligg like bak hovudhuset og er ein rektangulær bygning med saltak tekka med torv. Bygningen er kledd med liggande panel og har inngangsdør i begge gavlane. Vindauga er plassert i gavlane og på langsida som vender vekk frå hovudhuset. På langsida mot hovudhuset er det eit espalier til blomane som veks langs langveggen. Vindauga er smårutete slik vi finn det på hovudhuset og dei er plassert i gavlane og på langsida som vender vekk frå hovudhuset. Langsida mot hovudhuset har eit kvitt espalier til rosene som veks langs denne sida av bygningen.

Bygningen sitt interiør består av to rom med kvart sitt mura kott. Det er ikkje innvendig dør mellom romma og kotta fyller heile vegen mellom dei.

2.8.2 Interiør



Rom 1.1 Soverom

Rom 1.1 er det minste av dei to soveromma i drengestova. Rommet har lakka tregolv (sannsynlegvis av nyare dato) og veggane er kledd i delvis smal og delvis breiare ståande panel som er måla i ein lys gulfarge. Taket er ope til røstet med synlege bjelkar og sperr. Tak, bjelkar, sperr, vindaugskarmar, lister, dører samt øvste delen av gavlveggane er kvitmåla.

Rommet er innreia med ei seng og eit enkelt hjørnebord som er avrunda inn mot rommet. Rommet vert og brukt som lager til grill, fryseboks og liknande.

Rom 1.2 Kott

Kottet har umåla tregolv, og veggjar i betong som er måla i ein lys gulfarge.

Rom 1.3 Kott

Kottet har umåla tregolv, og veggjar i betong som er måla i ein lys gulfarge.

Rom 1.4 Soverom

Rommet har eit lakka tregolv, veggane på langsidene og i gavlen med inngangsdøra har ståande panel som er måla i ein lys gulfarge. Veggen mot kottet er i pussa mur og måla i same gulfarge som dei andre veggane. Taket har synlege bjelkar og delar av sperrene. Det er lagt ein flat himling på sperrene eit stykke over bjelkelaget. Denne er panelt og måla kvit. Fyllingsdørene, listverk, og vindauga er måla kvite.

Rommet er innreia med to jernsenger, ein kvitmåla kommode, ein kvitmåla vaskestol, eit grønmåla bord to, små gyngestolar med fletta sete og ein eldre radio.

2.9 Studio

Den første bygningen Singer fekk reist i Olden var atelieret som vart omtala som Studio. Dette fekk han bygd i 1914.

2.9.1 Eksteriør

Studio er ein halvannan etasjes bygning i reisverk, med halvvalmtak, kledd med liggande kledning. Huset har i tillegg fleire tilbygg, det største ligg vinkelrett på sørsida av hovudvolumet. Dette tilbygget er i 1 ½ etasje med saltak. Det mest karakteristiske ved huset er det store vindauga til atelieret. Dei andre vindauga i huset er mindre og er i hovudsak kvadratiske to-ramsvindauga med to ruter i kvar ramme. Inngangen til Studio er via ein glassveranda med saltak. Inngangen er utført i sveitserstil og ei betongtrapp leier opp til den. Den øvste delen av veggane i verandaen er opne og delt opp med ein søyle. Feltet mellom søylane har ei rundbogeforma avslutning med enkel dekor. Den same rundbogeforma avslutninga finn vi og over inngangen til verandaen. På begge langsidene er det sett inn to vindauga med 12 ruter i kvart i feltet mellom søylane. Verandaen har to veggfaste benker på langsidene.

Under ateliervindaugget er det ei langstrakt hylle til fiskestong og agn, noko som viser til Singer si interesse for laksefiske.

2.9.2 Interiør

Innvendig er planløysinga i hovudsak bevart og mykje av Singer sitt utstyr er bevart. Studio gjekk gjennom ei større istandsetjing i 1979 og i 1988 vart det gjort ein del arbeid med å etablere ei permanent utstilling i Studio. Bygningen sitt interiør er i dag truleg slik det var etter tilpassinga til galleri i 1988.

Rom 1.1 Atelier

Frå ytterdøra kjem ein direkte inn i atelieret. Rommet har grøn nålefilt på golvet og veggane er kledd med beige strie. Taket er ope opp til røstet og kledd med umåla panel. Det store vindaugget mot nord er eit vesentleg trekk i rommet. Ved sida av døra er det ei pipe og ein stor etasjeomn i støypejern. Av fast interiør er det glasskåp langs kortveggen mot aust som vert bruk til utstilling av ulike gjenstandar.

Av lause gjenstandar i rommet er det eit staffeli og ei rekkje bilete som William Singer jr. har måla. Både ferdige og uferdige maleri.

Rom 1.2 Opphaldsrom

I tilknytning til atelieret var det innreia eit opphaldsrom. Inngangen til dette er gjennom ei glasdør slik at lys frå opphaldsrommet kjem inn til atelieret. Golvet har den same grønne nålefilten som i atelieret. Veggane består av umåla ståande panel. Taket har synleg bjelkelag med panelt himling, begge deler er umåla. Dører og vindauga er måla kvite. I hjørnet mot aust er det ei kvitpussa pipe og ein mindre jernomn.

Rommet har ei mengde gjenstandar frå då Singer brukte det. Bokhyllene er truleg frå arbeidet med legge til rette Studio som galleri. Lause gjenstandar frå Singer si tid omfattar divan med vevd teppe. Kommode, skrivebord, to runde bord, to korgstolar og eit portrett av Singer samt ei mengde mindre gjenstandar.

Rom 1.3 Trapperom

Ved sida av opphaldsrommet er det eit lite trapperom. Trapperommet har golv med grøn nålefilt. Tre av veggane har umåla ståande panel, veggen inn mot atelieret er truleg den gamle ytterkledningen på bygningen og er kvitmåla. Taket har synlege bjelkar og himlinga har umåla panel. Dør, vindauga og lister er kvitmåla. Rommet har og ei enkel kvitmåla labankdør som går inn til eit av tilbygga i gavlen. Ved sida av døra inn til atelieret er trappa opp til loftet.

I trapperommet er det utstilt ulike bilete frå ekteparet Singer. I tillegg er det ein innramma plakat frå ei utstilling av Singer sine bilete i Nederland, sannsynlegvis frå 1930-talet.

Rom 1.4 Tilbygg

Rom 1.4 er i eit seinare tilbygg til i gavlen mot mausoleet. Rommet har inngang frå atelieret rom 1.1. Golvet er i same grønne nålefilt som i rom 1.1 og veggane er kledd med ståande umåla panel. Taket har umåla panel. Dører og listverk er kvitmåla.

Rom 2.1 Loft

Loftet består av eitt rom og er plassert over rom 1.2 og 1.3. golvet har umåla golvbord veggjar og tak er kledd med umåla panel. Delar av veggjen inn mot atelieret består delvis av den opphavlege ytterveggen og er kvitmåla. På langveggen mot atelieret er den opphavlege ytterkledningen synleg og dette partiet er kvitmåla.

På loftsrommet er det lagra ei rekkje gjenstandar etter Singer, målesaker og bøker, samt ulike møblar.

2.10 Kapellet

Då Singer døydde i 1943 ynskte fru Singer at han skulle balsamerast og ikkje gravleggast. Etter balsameringa vart liket oppbevart på Nordfjord sjukehus i nokon år i eit lite kapell som var bygd inntil sjukehuset. I 1947 vart gravkapellet ved Studio bygd, og Singer vart frakta dit.

2.10.1 Eksteriør

Gravkapellet er ein enkel rektangulær bygning i murstein i ein etasje, med saltak tekka med skifer. Bygningen er kvitmåla med ei raudbrun dør i gavlen mot vegen. I døra si øvre fylling er det eit enkelt glasmaleri. Over døra er ei minneplate i kopar med namna til Anna og William Singer jr. innskrivne samt fødsels- og dødsdato. I gavlen mot dalen er det eit lite kvadratisk vindauga med eit glasmaleri med eit kors som motiv.

2.10.2 Interiør

Innvendig var det plass til eit lite alter samt kistene til ekteparet Singer. Då fru Singer døydde i 1962 vart ho balsamert og frakta til Dalheim der kista henna er plassert i gravkammeret saman med Singer.

Golvet har svarte og kvite fliser lagt i eit sjakkruta mønster. Veggane er kledd med marmorfliser. Taket kvelva med ein litt flat boge og pussa kvit. Under vindauga er det eit enkelt veggfast bord/alter med to lysestakar og ein krusifiks, samt bibelen og andre mindre gjenstandar. Langs kvar av langsiden står eikekistene til Anna og William Singer. Begge kistene er drapert med tre flagg, det amerikanske, norske og det nederlandske, som refererer til dei tre landa som ekteparet Singer budde i.

2.11. Hagen

Hagen var ein viktig del av anlegget på Dalheim. Det var tilsett eigen gartner og i sesongen var det fleire som var tilsett på Dalheim for å stelle hagen. I tillegg til hagen rundt huset var grøntområda knytt til gardsdrift ein viktig del av anlegget. Ved vedhuset var det drivhus og utanfor dei var det drivbenker og eit område der ein dyrka grønsaker på frimark. Flyfoto frå 1930-talet syner at det også vart dyrka noko på eit areal mellom vegen og muren ved villaen. I muren ved hovudhuset er det bygd inn ein jordkjellar til oppbevaring av mat. Inngangen er via ei dobbel labankdør kledd med skråstilt panel. Sidene av døra og overbygget er i betong er synleg frå utsida. Resten av jordkjellaren er skjult bak bakkemuren til hagen. Heile jordkjellaren er støypt i betong og det er fylt på jord i etterkant når dei anla hagen. Det vert fortalt at ein dreiv fram 2000 sommarblomar som vart planta ut i hagen, i tillegg vart det dyrka tomat, agurk og andre grønsaker.

Hagen er eit viktig element i anlegget og hovudstrukturane i den er framleis bevart.

Karakteristiske kvite hagemøblar, bord, stolar og benker var plassert ut på høvelege stadar. Mange av møblane er bevart og ein del står på sin opphavlege plass framfor kjøkkeninngangen til villaen om sommaren. I tillegg var det plassert ut tønner måla i same grønfarge som husa til innsamling av regnvatn frå takrennene. Fleire av desse er bevart og står i dag i vedhuset. Delar av kvitmåla gjerder og espalier er bevart i vedhuset. På drengestova er espalieret på langveggen mot villaen framleis på plass.

For dokumentasjon av hagen sjå «Tilleggsdokumentasjon av hagen» (vedlegg) og «Dokumentasjon av hageanlegget til Singerheimen, Dalheim, Olden». Norconsult. 09.07.2020.





3. Historikk

Det amerikanske ekteparet Anna Brugh Singer og William H. Singer jr. kom til Olden i 1913. William Singer var kunstmålar og i Olden fann han det landskapet han hadde leita etter til motiv for bileta sine. Ei fylje av dette var at dei vart verande i Olden resten av livet og dei bygde etter kvart opp eigedomen Dalheim. Først budde dei på Yris hotell i Olden der dei fekk sin eigen fløy. I 1914 reiste dei det første huset i Olden, Studio, som atelier for William Singer. I 1921 var villaen på Dalheim ferdig og dei kunne flytte inn. Då vart mykje av møblar og samlinga med kunst og antikvitatar flytta frå villaen deira De Wilde Zwanen i Laren i Nederland til Olden. I tillegg til at noko inventar sannsynlegvis var nyinnkjøpt til villaen på Dalheim.

Anlegget på Dalheim utvikla seg over fleire år, som følgje av ekteparet Singer sine behov. I tillegg til Studio (1914) og villaen, består eigedomen av tenarbustad/drengestove, stabbur, kaféen med eldhus og utedo til tenarskapet, jordkjellar, driftsbygning (1932), vedhus, bungalow (1937), mausoleum (ca. 1947). Drengestova, og kafeen ser vi på eit bilete frå 1920-talet. Det er mogleg at ishuset og stabburet var bygd då, men det er umogleg å sjå på biletet. Tidlegare hørde og ein paktarbustad til anlegget, men den vart skild ut frå Dalheim. Ekteparet Singer bygde og ei hytte ved Briksdalsbreen. Denne nytta dei eit par gonger i året. Hytta er no i privat eige og godt bevart.



Ekteparet Singer sette store spor etter seg i Sogn og Fjordane, Nederland og USA. I Sogn og Fjordane er det spesielt bygginga av Nordfjord sjukehus som dei kosta og som vart utsmykka med William Singer jr. sine maleri, og forskotteringa på bygginga av vegen mellom Olden og Innvik som var eit viktig samferdsletiltak for fylket. I Nederland og USA bygde dei opp to kunstinstitusjonar som framleis er i drift. Singer Laren vart opna i 1956 og hadde som føremål å vise William Singer jr. sine verk, og verk frå samlinga til ekteparet Singer. I tillegg viser ein her anna kunst frå same tid. Senteret har og eigen teater/musikksal. Washington County Museum of Fine Arts i Hagerstown vart bygd då dei ynskte å gje noko tilbake til fødebyen til Anna Singer. Føremålet med institusjonane var å gje samlinga som dei hadde bygd opp ein permanent heim. Anna forsette å donere verk til samlingane fram til sin død i 1962. I tillegg vart mange gjenstandar frå Dalheim testamentert til Vestlandske kunstindustrimuseum i Bergen (dagens Kode1). Desse gjenstandane er i dag permanent utstilt i Kode 1 si Singersamling.



Postkort frå Rasmus Yri sitt arkiv. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Ekteparet Singer bygde opp ei rekkje eigedomar i Europa og ein i USA etter at dei kom hit i 1901:

- **Hytte ved Hindsæter turisthotell, 1905**
- **Villaen De Wilde Zwanen, Laren i Nederland, 1911. Ombygd til kunstsenteret Singer Laren i 1956 , samt seinare utvidingar av kunstsenteret.**
- **Hytteanlegg i Tydal, 1913**
- **Dalheim i Olden, 1914 -ca. 1947**
- **Hytte ved Briksdalsbreen, Olden**
- **Washington County Museum of Fine Arts, 1931 utvida i 1949, Hagerstown, USA**
- **Villaen Nederheem, Blaricum, Nederland, 1937**

I tillegg bygde eigar av Yris hotell ei eiga fløy til dei til hotellet i 1913, der dei budde om somrane fram til villaen på Dalheim var ferdigbygd.

Av bustadane/hyttene til ekteparet Singer er det anlegget på Dalheim i Olden og hytta ved Briksdalsbreen som er godt bevart. Villaen De Wilde Zwanen er i dag ombygd til kunstsenter og det er her lite att av heimen deira. Sjølv om huset står som ein del av kunstsenteret, er mykje av interiøret og lause gjenstandar vekke. Anlegget i Laren er kulturhistorisk interessant då det fortel korleis fru Singer arbeidde for å ta vare på kunsten som William produserte, men det fortel ein annan historie enn anlegget på Dalheim.

Hytteanlegget i Tydal gjekk i stor grad tapt i samband med kraftutbygging. Berre hytta er bevart og den er flytta til ein ny plass. Villaen Nederheem er i dag ombygd til leilegheiter.

På Dalheim er dei fleste av bygningane bevart på sin opphavlege stad og dei er i svært liten grad blitt endra i eksteriør og interiør. I tillegg er mykje av interiør og lause gjenstandar framleis bevart på anlegget. Sjølv om mange av dei mest verdifulle gjenstandane og bileta vart flytta til Vestlandske kunstindustrimuseum i 1963, er det framleis mange gjenstandar att som fortel om livet til ekteparet Singer i Olden.

3.1 Anna Spencer Burgh Singer og William Henry Singer jr.

William Henry Singer jr. (1868-1943) var son av William Henry Singer sr. og Hester Laird Garton. William H. Singer sr. hadde bygd seg opp ei stor formue på stålproduksjon. I 1860 etablerte han selskapet Singer, Nimick & Co saman med to av sine brør og Alexander Kennedy Nimick. I 1880 etablerte Singer sr. saman med fleire andre eit nytt firma, Pittsburgh Bessemer Steel Company Ltd. Dette firmaet konkurrerte med Andrew Carnegie sine firma, Carnegie, Phipps and Company. I 1883 kjøpte Carnegie Pittsburgh Bessemer Steel Company Ltd. Singer sr. tok betalinga for sin del av firmaet i aksjar i Carnegie sitt firma og han gjekk inn i styret.

Singer jr. begynte tidleg å interessere seg for teikning og måling, noko han også vart oppmoda av foreldra til å gjere. Foreldra hadde måling som hobby og var del av eit kunstinteressert miljø i Pittsburgh. Medan han framleis gjekk på skule vart Singer jr. interessert i jakt og fiske. Jakt og fiske var viktig for han heile livet og bygningane han fekk reist i Noreg var alle plassert slik at han enkelt kunne dyrke desse interessene.

Frå midten av 1800-tallet var det ei aktiv gruppe med landskapsmålalarar i Pittsburgh, som vert omtala som the Scalp Level School. Kunstnarane var busett i Pittsburgh, men tok med seg målarutstyret og drog ut på landsbygda utanfor byen. Jernbanen som var utbygd, gjorde det enkelt for kunstnarane i Pittsburgh å kome ut av byen for å finne motiv til maleria sine. Singer begynte tidleg med landskapsmåleri og dette vart hans hovudmotivgruppe resten av livet.

I 1886 vart Pittsburgh Art Students League etablert. Her kunne kunststudentar få undervisning frå både lokale og nasjonale kunstnarar. Undervisninga omfatta både instruksjonar, førelesningar og turar ut for å skissere/måle og Singer kunne kombinere undervisning her med arbeidet i firmaet Singer, Nimick og Co. På slutten av 1890-talet var den norskætta kunstnaren Martin Borgord ein av gjestelærarane. Han fekk mykje å sei for Singer si utvikling som kunstnar og vart ein nær ven av både William og Anna Singer. Borgord vart med då ekteparet Singer i 1901 drog til Europa og seinare på deira første reiser til Noreg.

I 1895 gifta William Singer jr. seg med Anna Spencer Brugh (1873-1962). Dei hadde møttest då ho var i Pittsburgh for å besøke venninna Alice Willard. Brugh familien var, akkurat som Singer familien, tyske innvandrarar son hadde gjort det godt i USA. Brugh familien dreiv med handel. Foreldra hennar var Philip og Anna Amelia Brugh, og Anna var deira yngste barn og einaste dotter. Ho vaks opp i familien sin heim i Hagerstown, Maryland. Det var få utdanningsmoglegheiter i Hagerstown for kvinner av Anna sin sosiale stand, og ho drog difor til Baltimore for å studere ved Christie Bond School. Pianospeling var viktig for Anna og ho vart etter kvart ei svært dyktig pianist og spelte heile livet. På Dalheim hadde ho eit Steinway-flygel i peisestova. Det var og eit anna flygel i bungalowen på Dalheim, og dette er i dag plassert i peisestova i villaen.

Ekteparet Singer sin første bustad var i 62 Lincoln Avenue eit par kvartal frå der William sine foreldre budde. Huset var viktoriansk tomannsbustad i mur frå 1860-talet og var kjøpt av Singer sr. om lag ein månad før William og Anna gifta seg. Det var vanleg i dette nabolaget av stålaristokratar at borna busette seg i same nabolag som foreldra.

På byrjinga av 1900-talet hadde foreldra til William kjøpt eigedomen Egdehill Manor i Sewickley utanfor Pittsburgh. Huset var opphavleg tenkt som sommarbustad for å kome vekk frå den byen, men det vart snart brukt heile året.



Figur 29. Edgehill Manor,

Sewickley, PA. Singer sr. sitt sommarhus. <https://www.forever.com/app/users/sewickley-valley-historical-society>

Året 1900 markerer eit vendepunkt for ekteparet Singer. Firmaet Singer, Nimick & Co vart seld og William kunne for første gong vie seg til arbeidet som fulltids kunstmålar. Sommaren 1900 budde han og Anna på Monhegan Island, ei fiske og sommarhus øy på kysten utanfor Maine. Den maleriske øya hadde trekt til seg kunstnarar sidan 1858. På hausten 1900 vart to av Singer sine bilete tatt med i den femte Carnegie International utstillinga og han fekk gode tilbakemeldingar. Etter dette var Singer klar for å dra på ein studietur til Europa. Saman med Martin Borgord kom dei til Paris hausten 1901 etter å ha haldt til i kunstnarkolonien på Monhegan Island også denne sommaren.

I Paris budde dei på Hotel du Quai Voltaire som låg ved Seinen og hadde utsikt mot Louvre. William deltok på undervisninga på Académie Julian saman med Martin Borgord. William fekk der instruksjon av historiemålaren Jean-Paul Laurens. På denne tida var det viktig for amerikanske kunstnarar å ha studert i Paris ein periode før dei kom tilbake til USA. Kunstmiljøet i USA var svært konservativt på denne tida og for å ha oppdatert kunnskap om den nye kunsten var det nødvendig for amerikanske kunstnarar å dra til Europa og då spesielt Paris, som var sett på som den viktigaste byen for kunstnarar på denne tida. Undervisninga på Académie Julian gjekk føre seg i felles atelier som var svært fulle av kunststudentar. Singer slutta ved akademiet etter nokon månadar.



Figur 30.

Hotel Hamdorff i Laren. https://historischekringlaren.nl/bwg_tag/horeca/#bwg0/184

Medan han var i Paris vart Singer klar over at det var landskapsmåleri som var det han ville arbeide med.⁴ Våren 1902 drog ekteparet Singer frå Paris til Laren i Nederland. På denne tida drog dei fleste amerikanske målarane i Paris vanlegvis til Giverny om sommaren. William Singer var på denne tida ikkje så oppteken av dei fargesterke impresjonistiske måleria, men var meir oppteken av det hollandske landskapsmålarane. Han var spesielt fasinert av bileta til Anton Mauve og Jacob Maris. Hovudgrunnen til at han valte å dra til Laren var hans fascinasjon av Mauve sine måleri av landskap med sauer.⁵ I Laren tok dei inn på Hotel Hamdorff og dei hadde i utgangspunktet tenkt å bli i Laren nokon månadar. Det nederlandske landskapet inspirerte William og dei vart verande her lenge. I 1903 flytta dei ut frå Hotel Hamdorff, leigde dei seg eit hus med atelier og vart buande i kunstnarkolonien til juli 1905.

Området Gooi er lokalisert rundt Hilversum i den sentrale delen av Nederland. Området er lett kupert og karakterisert av eit grønt landskap, historisk sjarm, innbyggjarane sin rikdom og villaer. Då ekteparet Singer kom til Laren i 1902 var det allereie ein godt etablert kunstnarkoloni i området. Den vart etablert rundt 1882 då området fekk togforbindelse til Amsterdam. Kunstnarkolonien var aktiv fram til ca. 1950. Gooi som eit område for kunstmålarar vart «oppdaga» av målaren Jozef Israëls som først hadde besøkt landsbyen Laren i 1874. Målaren Anton Mauve var ein av kunstnarane som budde og arbeidde ein periode i området her.

Med jernbanen vart området populært for fleire enn kunstnarar og det vart bygd ei rekkje store villaer her i tida rundt førre hundreårsskiftet. Mange av villaene sin arkitektur var sterkt prega av den engelske Arts & Crafts bevegelsen. Dette ser vi og at i ekteparet Singer sin bustad De Wilde Zwanen som stod ferdig i 1911.

Då ekteparet Singer kom til Laren i 1902, var allereie fleire av deira kunstnarvener her. I tillegg fekk dei nye vener og fleire som dei hadde kontakt med resten av livet, slik som

⁴ Schretlen 2006 s. 42

⁵ Schretlen 2006 s. 44

målaren Evert Pieters og hans kone Marie som seinare besøkte Singer på Dalheim. Dei hadde opphavleg tenkt å berre vere i Laren i nokon månadar men enda opp med å bu her fram til 1905.



Etter å ha vert i Laren i eit år hadde Singer gått trøyt av landskapet, som han syntest vart for flatt og for kultivert. Han ynskte no å oppleve ein meir rå natur.⁶ Sommaren 1903 drog ekteparet Singer til Norge for første gong. Martin Borgord var med på turen og dei kom til Bergen, før dei drog vidare til Jotunheimen via Gudbrandsdalen som var Borgord sin heimstad. Dei tok inn på Hindsæter turisthotell, som også har husa ei rekkje andre kunstnarar.

Hytte ved Hindsæter turisthotell

I Noreg hadde William funne plassen som skulle vere hans nye heimland. Det tok fleire år før han fann den rette teknikken til å uttrykke i maleria den innverknaden det norske landskapet hadde på han. Sommaren 1904 kom dei tilbake til Hindsæter turisthotell og dei begynte å vurdere å få bygd seg ei eiga hytte på hotellet sin eigedom. Slik kunne dei få meir privatliv samtidig som dei kunne dra nytte av servicen på hotellet.

Hotelldirektøren vart bedt om å gjennomføre dette prosjektet, og sommaren 1905 da dei kom tilbake var hytta ferdig. Hytta var utforma etter den Akershusiske typen. Beståande av eit stoverom og to soverom. Hytta hadde inngang rett inn i stova som hadde ein open peis. Hytta står framleis, men er svært ombygd. Hytta er i dag brukt som bustad for vertskapet på hotellet.⁷

⁶ Schretlen, s. 54 2006

⁷ E-post 9. august 2019 frå Hindsæter hotell



I forkant av besøket til Noreg hadde Singer lest boka *Walden, or Life in the Woods* av Henry David Thoreau. Thoreau sitt fokus på einsemd appellerte til Singer som sjølv hadde eit stort behov for å kunne vere aleine og arbeide utan at nokon forstyrre han.

Hillcrest i Sewicley Heights

Sommaren 1905 reiste ekteparet Singer tilbake til USA, via Paris. Dei reiste opp til Sewicley Heights der overklassen i Pittsburgh hadde byrja å slå seg ned for å komme vekk frå forureininga i byen. Foreldra til William hadde kjøpt seg eit stort herskapshus her, Edgehill Manor, og dei hadde kjøpt eigedomen Hillcrest til Anna og William. Hovudhuset på Hillcrest var utforma i stilen til Arts & Crafts bevegelsen som eit romantisk engelsk herskapshus. Sjølv om huset hadde eit atelier hadde Pittsburgh-arkitektane Frank Alden og Alfred Harlow blitt engasjer til å teikne eit frittstående atelier, slik at Singer kunne vere aleine og konsentrere seg om målinga si utan å bli forstyrre.⁸

⁸ Schretlen s. 62 2006



Figur 33. Postkort som syner ekteparet Singer sin bustad Hillcrest i Sewickley . Huset var i nærleiken av Singer sr. sitt herskaps hus Edgehill Manor. <https://www.forever.com/app/users/sewickley-valley-historical-society>



De Wilde Zwanen, Laren

I 1907 budde Anna og William Singer jr. fleire månadar i kunstnarkolonien Olde Lyme i Connecticut, før dei drog til bake til Hillcrest. I perioden 1907-1909 brukte dei tid i

Noreg, Italia, Frankrike, USA og Nederland. Rundt 1909 begynte dei å planlegge bygging av ein eigen villa med atelier i Laren. William var ikkje overtydd om at Gooi var den rette plassen til hans kunstnarkarriere, men Anna treivst her og ynskte å ha sin eigen heim der ho kunne ha familie og vener på besøk. Ho var svært oppteken av planlegginga av den nye huset og laga fleire skisser til den nye heimen sin i Laren.⁹ Hanrath teikna mange landstadar i Gooi området. Villaene han teikna hadde gjerne tradisjonell eller historisk stil og vi finn her ei rekkje fellestrekk med arkitekturen til Arts & Crafts bevegelsen i England, som og tok utgangspunkt i den tradisjonelle byggjeskikken. Villaen De Wilde Zwanen hadde mange fellestrekk med ein del av dei andre villaene i området som vart bygd på same tida. (Arkitektonisk er den prega av Arts & Crafts bevegelsen noko vi og finn att på heimen deira i USA, Hillcrest.)



51. De Wilde Zwanen, Laren. Tønna i framkant av biletet er av same type som dei brukte i hagen på Dalheim til å samle regnvatn til blomane. Foto William H. Singer jr.

⁹ Schretlen s. 70 2006






Figur 36. Fru Singer sitt soverom i De Wilde Zwanen. Mykje av møblane i dette rommet står i dag i rommet henna på Dalheim. Foto frå boka villa De Wilde Zwanen. Het Larense home van William et Anna Singer.


Figur 55. Biletet gjesterommet i De Wilde Zwanen. Mykje av møblementet i dette rommet står i dag i gjesterommet (kongerommet) på Dalheim. Foto frå boka Villa De Wilde Zwanen. Het Larense home van William en Anna Singer.

Fjeldheim i Tydal

Sommaren 1908 var ekteparet Singer tilbake i hytta si på Hindsæter. Singer var klar for nye utfordringar i målar-kunsten og dei bestemte seg for å sjå seg om etter ein annan stad. Dei drog vestover og kom til Nordfjord. Først tok dei inn på Hjelle hotell og seinare drog dei til Sandane. I 1909 kom dei til Tydal i Trøndelag for første gong, og sommaren 1910 leigde dei eit gamalt hus her som dei budde i. Også her fekk dei snart behov for å ha si eiga hytte og dei starta å planlegge bygginga av hytteanlegget som fekk namnet Fjeldheim. Hytta var på ca. 300 kvadratmeter og teikna av arkitekten Gustav Gulbrandsen. I tillegg til hytta bestod anlegget av bustad for tenestefolk, ishus, vedhus og hundehus. Hytta var ferdig våren 1911 og frå då av opphaldt ekteparet Singer seg fleire veker i Tydal kvar sommar. På hausten var gjerne Singer og Borgord her for å jakte. Anna var då att på Yris hotell i Olden. Dei brukte hytta i Tydal fram til 1925, då ueinigheit om fiskerettar førte til at Singer mista leiga til einerett for fiske i elva..



Situasjonsplan som syner hyttanlegget Fjeldheim. Utsnitt av teikning av arkitekt Gustav Guldbrandsen. Frå arkivet etter Rasmus Yri, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.





Dalheim i Olden

Frå 1913 budde ekteparet Singer på Yris hotell i Olden om somrane. Ekteparet Singer fekk bygd seg sin eigen fløy på Yris hotell som dei budde i etter at dei kom tilbake i 1914. I tillegg fekk dei bygd eit atelier, Studio, til William som var den første bygningen som vart bygd på anlegget på Dalheim. På grunn av utbrotet av første verdskrig drog dei ikkje tilbake til Laren om hausten, men vart buande på Yris hotell.

Etter at dei hadde bestemt at Olden var plassen for dei, begynte dei å planlegge bygginga av eit eige hus. Huset måtte vere i nærleiken til William sitt atelier og dei fekk kjøpt tomt som grensa til atelieret. Firmaet Schak Bull & søn vart engasjert til å teikne anlegget og Anna arbeidde sannsynlegvis tett saman med arkitekten Jens Bull om planlegginga av huset. Då villaen var ferdig, bestod anlegget truleg av fleire bygningar slik som drengestova/tenestebustaden, ishuset og kaféen. Etter kvart kom det fleire bygningar i anlegget som resultat av dei behova ekteparet Singer hadde.



Figur 40. Villaen på Dalheim 1922. Foto frå boka: *Anna og William Singer. Herskap og tjenere i Tydal og Olden* av Arvid Møller.



foto av atelier K. K. henta frå marcus.uib.no

Dalheim 1922- 26 Utsnitt av



Etter at dei hadde bestemt seg for å bygge seg villaen i Olden bestemte dei seg og for å selje De Wilde Zwanen i Laren. Allereie i 1920 vert sal av De Wilde Zwanen omtala i deira korrespondanse, men huset vart ikkje seld før i 1925.¹⁰ Huset vart seinare lagt ut for sal og i 1937 kjøpte Anna det tilbake, sjølv om dei allereie hadde kjøpt tomt i Blaricum for å bygge eit nytt hus der. Det er mogleg at ho kjøpte tilbake De Wilde Zwanen for å unngå at huset vart rive.

Nederheem i Blaricum

Villa Nederheem i Blaricum, teikna av arkitekten Hendrik Elzinga, stod ferdig i 1937. Huset var vesentleg større enn både De Wilde Zwanen og Dalheim, og hadde fellestrekk med dei store herskapshusa i Pittsburgh som vart bygd frå midten av 1800-talet og framover. I tillegg til å vere bustad var huset bygd for mottakingar og

¹⁰ Schretlen s. 89 2006

kammermusikkonsertar og var ein stad der Anna og William kunne ta i mot dei mange gjestane sine. I tillegg var det ein eigen separat museumsdel der dei kunne stille ut kunstsamlinga si.

Huset var delt inn i tre ulike seksjonar som kvar hadde sin spesifikke funksjon. I midten var dei private romma, på kvar sida av midtdelen var det ein fløy til kunstsamlinga og ein til tenestefolka med separat inngang. Singer sitt atelier var plassert i fløyen med kunstsamlinga og hadde eit stort vindaug mot nord. Atelieret hadde eigen inngang slik at han kunne vere skjerma for den daglege drifta av huset. Den private delen av huset romma ulike stover, eit arbeidsrom for Singer og eit solrom. I andre etasje var det ti soverom med bad. Nederheem vart innreia med nyinnkjøpte møblar då huset skulle fungere som eit vinterheim, medan Dalheim var sommarheimen deira.

Etter at dei reiste til Dalheim sommaren 1939, kom dei ikkje tilbake til Nederland før etter krigen og då var huset i bruk av myndighetene. Fru Singer flytta ikkje tilbake til Nederheem, men vart buande i ei leilegheit i Hamdorff Hotell når ho var i Laren om vintrande. Nederheem har hatt ulike funksjonar etter at ekteparet Singer ikkje lenger brukte eigedommen, mellom anna var det rådhus. I dag er huset bygd om til leilegheiter og det er bygd nokon nye bustadar i hagen.



Figur 63. Nederheem i Blaricum. foto frå Rasmus Yri sitt arkiv. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

3.2 Kunstsamlinga

Ekteparet Singer bygde opp ei svært stor kunstsamling i løpet av livet. Medan dei budde i De Wilde Zwanen var kunstsamlinga stilt ut i heimen deira som ein del av interiøret. Dei representative romma var viktige stader der samlinga av kunst og antikvitatar vart stilt ut. Hallen var vesentleg då det var her dei tok imot besøkande. Ved bygginga av Dalheim vart store delar av møblar og kunstsamlinga flytta dit. I tillegg kjøpte dei inn nye verk til samlinga si.

Ved bygginga av Nederheem vart delar av kunstsamlinga i Olden frakta dit. Der hadde dei bygd eit eige utstillingsgalleri i villaen der deler av kunstsamlinga var utstilt. Å opprette eit kunstgalleri som ein del av bustaden sin, var ein tradisjon som dei hadde med seg frå Pittsburgh der fleire hadde eit privat galleri i herskapshusa. I løpet av andre verdskrig då ekteparet Singer var i Olden, gjekk ein del av samlinga tapt.

Delar av samlinga vart ført over til Washington County Museum of Fine Arts i Hagerstown i samband med etableringa av museet i 1931 og ved utvidinga av museet i 1949. Ved opprettinga av museet vart det kjøpt inn kunst til museet og mesteparten av

det som kom hadde ikkje vore i Olden. Ein av dei gjenstandane som hadde stått på Dalheim var Paul Bartlett sin skulptur Equestrian Statue of La Fayette som i fleire år sto øvst i oppkøyrsla til Dalheim.¹¹ I samband med utvidinga av museet i 1949 vart det gjeve ei gåve på ca. 130 verk. Desse kom i hovudsak frå samlinga på Dalheim og verk som var ikkje hadde blitt stole frå Nederheem og som Anna hadde fått lagra i Amsterdam etter krigen.

Etter William sin død var Anna opptatt av framtida til både hans kunst og kunstsamlinga deira. Ho starta då å arbeide for at det skulle bli oppretta ein permanent visningsstad for både kunstsamlinga og William sine verk. Fleire ulike moglegheiter vart vurdert, men i 1954 vart villaen De Wilde Zwanen frigitt etter krigen. Myndighetene hadde konfiskert villaen og brukt den til rehabiliteringssenter. Anna bestemte seg då for å opprette The Singer Memorial Foundation og lokalisere dette i De Wilde Zwanen. Opphavleg var planen å stille ut Singer sine biletet i atelieret hans, men i arbeidet med å tilpasse eigedommen til eit galleri for både Singer sine bilete og kunstsamlinga enda ein opp med at atelieret vart rive for å gje plass til fleire utstillingssalar og konsertsal.

Samstundes som fru Singer fordelte verk til Washington County Museum of Fine Arts og til det planlagde museet i Nederland, vart det også gjort eit utval av gjenstandar som skulle gå til Vestlandske kunstindustrimuseum, i hovudsak ulike møblar, tepper og andre gjenstandar. Direktøren for Vestlandske kunstindustrimuseum dr. Kloster var på Dalheim i 1954 i samband med utveljinga av gjenstandar. Desse vart overført til Vestlandske kunstindustrimuseum etter at fru Singer døydde.

3.2.1 Washington County Museum of Fine Arts i Hagerstown, USA

På 1920-talet starta Anna og William Singer planane for å bygge eit kunstmuseum i Anna sin heimby Hagerstown. Museet var ferdigstilt og opna i 1931, og både bygningen og kunsten var donert av Anna og William Singer. Museet vart bygd i byparken, ikkje langt frå der Anna vaks opp. Bygningen var teikna av firmaet Hyde & Shepherd i New York. Anna sine planar for museet var frå starten av at det skulle bli bygd i ulike fasar og kunne utvidast etter kvart som det var behov for dette. Av den grunn var bygningen planlagt som det første av fleire byggesteg og skulle utgjere hovudbygningen i museet.

Museet er ein einetasjes bygning i murstein med nyklassisistiske trekk og har ei vakker plassering ved innsjøen i parken. I 1949 vart utvidinga av museet ferdigstilt og det fekk i den samanheng to nye fløyer, der austfløyen inneheld The Singer Memorial Room som var planlagt som ein permanent visningsstad for William Singer sin kunst. I vestfløyen var det ein konsertsal og fru Singer donerte her eit Steinway flygel.

¹¹ Schretlen s. 166 2006



Figur 43. Washington Museum of Fine Arts, Hagerstown. Foto: <http://wcmfa.org/visit/>

3.2.2 Singer-Laren, Nederland

Då fru Singer bestemte seg for å opprette ein eigen visningsstad for William sin kunst og deira felles kunstsamling i De Wilde Zwanen i 1954 var det behov for å gjere ein del tilpassingar. Arkitekten Wouter Hamdorff teikna utvidinga og det vart bygd tre store og tre mindre gallerirom, samt ein konsertsal. I tillegg kom areala i villaen som også vart brukt til museet. I samband med utvidinga måtte atelieret til Singer rivast for å gje plass til galleria. To av romma vart reservert til ei permanent visning av Singer sine måleri, desse låg på same stad som der Singer sitt atelier stod tidlegare.

Bygningane til Singer-Laren har gjennomgått ulike utvidingar gjennom tidene. Opphavleg var det ein flott og stor hage som omkransa villaen. Mykje av den gjekk vekk i samband med tilbygginga av galleri og konsertsal. I tillegg var drivhuset rive i 1935 og eit nytt har blitt satt opp i tilknytning til lysthuset. Hagen var opphavleg designa av L. A. Springer og var utforma med element frå landskapshagar kombinert med ein formell hage med blomsterbed. I dag er hagen nydesigna av Piet Oudolf som eit visningssenter for nederlandsk samtidsskultur, rundt tematikken kultur og natur.¹²

¹² Singer-Laren <https://www.singerlaren.nl/overig/Sculpture%20garden>



Figur 445. De Wilde Zwanen 2018. Foto Arlen Bidne



Figur 45. Bildet øvst opp syner lysthuset og drivhuset ved De Wilde Zwanen i 2018. Foto Arlen Bidne. Bildet under syner drivhuset då ekteparet Singer budde her. Foto frå Singer-Laren

3.3 Dalheim og samtida sin arkitektur

3.3.1 Arkitekt Jens Bull

Ekteparet Singer engasjerte firmaet Schak Bull & søn til å teikne dei første husa på Dalheim. Dei teikningane som er bevart, er signert Jens Bull (1886-1974) son av Schak Bull. Det er berre bevart teikningar frå villaen og ishuset, men det er sannsynleg at han har teikna fleire av dei første bygningane på Dalheim. Det manglar dokumentasjon på dette. Jens Bull var utdanna ved Polytechnicum Zürich i åra 1904-08. Etter utdanninga arbeidde han som assistent for Hendrik Berlage i Amsterdam til 1914 då han flytta heim til Bergen. Fram til 1929 arbeidde han i kompaniskap med faren i firmaet Schak Bull & Søn.¹³ Hendrik Berlage var ein av dei leiande arkitektane i Amsterdam og han hadde fokus på den tradisjonelle arkitekturen. Etter ein tur til USA i 1911 vart Berlage påverka av Frank Lloyd Wright og H. H. Richardson sin arkitektur.

Det er få omtalar av Jens Bull sin arkitektur, og er det berre bevart delar av arkivet etter firmaet han dreiv saman med faren, Schak Bull & Søn. I dei bevarte delane av arkivet finst ikkje teikningane eller korrespondanse til bygginga av Dalheim.¹⁴ Nokon av

¹³ Indahl s. 134 2005

¹⁴ E-post av 26. august 2019 frå Bergen Byarkiv, som har bevart delar av arkivet etter Schak Bull & Søn.

teikningane til Dalheim er oppbevart på Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og i arkivet etter Rasmus Yri, også dette oppbevart i Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

3.3.2 Dalheim

Anlegget på Dalheim består av element frå ulike stilretningar som saman utgjør ein heilskap. Vi finn her element frå den amerikanske Prairiestilen, amerikansk byggeskikk, vestlandske klyngetun og Bergenskolen. Fellesnemnaren er at dei alle har med seg arkitekturteori og inspirasjon frå den engelske Arts & Crafts bevegelsen. Likevel er det to bygningar som skil seg ut frå dette, Studio og Mausoleet, det første og siste bygget som vart reist på Dalheim. Studio er bygd med tydelege trekk frå sveitserstilen, noko som vi ser i form av dei store takutstikka med dekorerte sperrer og verandaen til inngangsdøra. Elles har Studio fleire fellestrekk med atelieret han fekk bygd på Hillcrest i USA. Mausoleet ber preg av at det ikkje er teikna av ein arkitekt, mogleg det er fru Singer som har teikna ei skisse og så har byggmeister J. Yri teikna ut detaljplanane og gjort nokon justeringar.¹⁵ Valet av den grønne fargen på bygningane er nok det enkelttrekket ved anlegget som ikkje har førebilde frå desse stilane. Det vert sagt at ekteparet Singer valte denne grønne fargen ut i frå fargen på Oldenelva, men sannsynlegvis har dei her tenkt heilt fritt i forhold til kva farge som var vanleg på bygningar. På eldre bilete ser vi at veggane på villaen og fleire av dei andre bygningane har vore dekkja av kvite espalier for blomar. Dette har nok gjort at opplevinga av grønne fargen i sommarhalvåret opphavleg var noko meir dempa enn slik vi opplever det i dag.

Ser vi på villaen er planløysinga og oppbygginga av huset noko prega av element frå prairie-arkitekturen. Det langstrakte (horisontale) preget til villaen der pipene dannar ein vertikal kontrast, er trekk som vi finn att i bygningane til den amerikanske prairie-skulen. Desse husa var prega av horisontale linjer, valmtak og store takutstikk. Vindauga var gjerne plassert saman i horisontale vindaugsband. Medan dei fire (opphavleg fem) teglsteinspipene gjev komposisjonen av bygningen ein vertikal kontrast. Husa var tilpassa landskapet og var kjenneteikna av god handverk og gode materialar i både konstruksjon og dekorative detaljar. Stilen var utvikla med utgangspunkt i teoriane og formspråket til den engelske Arts & Crafts bevegelsen samstundes som den var tilpassa det amerikanske samfunnet. Arkitekten Frank Lloyd Wright var sentral i utforminga av denne stilretninga. I tillegg spreidde han sine idear gjennom artiklar og planteikningar for mindre hus i magasiner som House Beautiful.¹⁶ Både House Beautiful og magasinet The Ladies' Home Journal hadde mange artiklar om heimeinnreiing og planteikningar av bungalowar og villaer inspirert av Arts & Crafts og prairie-husa. Dette var sannsynlegvis magasin som fru Singer også las, mellom anna er det i arkivet etter Rasmus Yri, i mappene knytt til Singer, bevart fleire sider frå The Ladies' Home Journal frå 1915 med ulike planteikningar til bustadar.

Driftsbygningen på Dalheim har med sitt mansardtak eit klart amerikansk preg med mange likskapar med høylåvar i USA og skil seg frå dei tradisjonelle driftsbygningane

¹⁵ I arkivet etter Rasmus Yri er det ein lengre korrespondanse knytt til detaljane ved interiøret på mausoleet, samt nokon brev knytta til utforminga og plasseringa av det. Her vert det referert til ei skisse av mausoleet frå fru Singer.

¹⁶ Penik s. 202

på vestlandet. Utforminga av bygningen er ikkje vanleg, men det finnes andre døme på denne typen driftsbygningar andre stadar i fylket.

På Vestlandet var det Bergensskolen som vidareutvikla og tilpassa teoriane til Arts & Crafts bevegelsen til bygningane dei bygde. Jens Bull vert ikkje trekt fram som ein av dei markante arkitektane knytt til Bergensskolen. I si tid ved Berlage sitt kontor i Amsterdam, vart han nok oppdatert på både Arts & Crafts og Prairie-arkitekturen då dette var noko som påverka Berlage sin arkitektur og som han igjen spreidde vidare i arkitektmiljøet i Amsterdam. På Dalheim finn vi ei rekkje trekk i bygningane som er knytt til Bergensskolen sin arkitektur:

- Tilpassinga av bygningane til landskapet
- Gråsteinsmurane i hagen
- Kontrasten mellom mursteinsmuren og den liggande vestlandspanelen på villaen
- Dei store klebersteinspeisane i peisestova og i kabinettet/biblioteket
- Dei lyse måla veggane, utan bruk av tapet er et anna element som knyter både villaen og bungalowen til Arts & Crafts bevegelsen sin arkitektur og som gjev ein god bakgrunn for å syne samlinga av kunst og antikvitetar til ekteparet Singer.
- Bruken av piper som vertikale element i komposisjonen på villaen
- Den omfattande bruken av småruta vindauga som er gjennomgåande på alle bygningane på Dalheim
- Stabburet, drengestova og kafeen (samt det tidlegare ishuset) som ligg tett saman bak villaen. Plasseringa av desse er i tråd med den tradisjonelle byggeskikken på bygdene på vestlandet slik vi finn det att i klyngetuna.
- Utforminga av småhusa der hovudtrekka er henta frå den tradisjonelle byggeskikken, men der detaljar omkring døra til stabburet og kafeen har trekk frå 1700-talets Bergensarkitektur.

4. Endringar i bygningsmassen

Anlegget på Dalheim er godt bevart frå tida då ekteparet Singer budde her. Dei gjorde sjølv nokon endringar i anlegget og det vart gjort ein del endringar etter at fru Singer døydde då Dalheim skulle tilpassast ny bruk. Den første endringa på villaen skjedde truleg ganske tidleg ved at det vart bygd ut eit karnapp med vindauga på soverommet til William Singer. Foto frå før 1940 viser autsida av villaen der Singer sitt soverom er utan karnapp. Med denne utbygginga vart rommet vesentleg større og det kom meir lys inn. Opphavleg var det eit ishús på eigedommen til oppbevaring av is til kjøling av matvarer i sommarhalvåret. Ishuset stod bak drengestova, mellom kafeen og stabburet. Dette var med på å forsterke det tette preget av småhus bak villaen. Etter kvart som kjøleskap og frysar vart tatt i bruk hadde ein ikkje behov for ishuset lenger og på midten av 1960-talet vart dette rive. Med unntak av Bull sine teikningar av ishuset og flyfoto er det bevart lite dokumentasjon om det.

Bungalowen sitt eksteriør er i hovudsak slik det var då huset var bygd på 1930-talet. Foto frå Rasmus Yri sitt arkiv syner at bungalowen opphavleg hadde open veranda ved inngangsdøra, slik den er på teikninga av huset som også er i Yri sitt arkiv. Medan bilete frå 1940-talet syner at bungalowen har fått smårutete glas på verandaen.

Studio var den første bygningen som Singer fekk reist i Olden. Atelieret hans var sannsynlegvis opphavleg ein enkel bygning med eitt rom. Studio vart raskt bygd ut mot sør der det kom eit tilbygg i 1 ½ etasje med saltak. Tilbygget romma eit opphaldsrom til Singer og eit trapperom i første etasje og lager i andre etasje. På foto frå Atelier K. K. Bergen tatt i tidsrommet 1920-26 ser vi at tilbygget er kome opp. Studio har og fått fleire andre små tilbygg med pulttak i gavlen mot aust. Det er usikkert når dei vart bygd men sannsynlegvis kom dei til før 1943 då Singer døydde.

4.1 Endringar etter 1963

Etter at fru Singer døydde i 1963 har det blitt gjort ein del endringar på anlegget. Opphavleg var det tre drivhus plassert ved vedhuset. Drivhusa var viktig for dyrkinga av grønsaker og blomar til hagen. Etter at fru Singer døydde gjekk dei sannsynlegvis ut av bruk og etter kvart vart drivhusa rive. Vi ser og at hagen gjennom åra etter fru Singer sin død har blitt stadig forenkla ved at ein har slutta å dyrke grønsaker, sommarblomar har blitt planta ut i mindre grad og ein del trær og bærbusker er vekke. I dag består hagen i stor grad av plen med nokon staudar ved husa, i tillegg til ulike blomar i pottar.

Villaen

Etter at fru Singer døydde vart det gjort ein del endringar på villaen sitt interiør. I eksteriøret vart det ikkje gjort store endringar, med unntak av at det vart sett inn ei ekstra dør på veggen mot nord i samband med at det i 2005 vart bygd ein ny rømmingsveg frå andre etasje. I tillegg vart delar av loftsetasjen kraftig ombygd etter fru Singer sin død. Dette for å få fleire soverom i villaen når den skulle brukast som rekreasjonsstad for sjukepleiarar ved Nordfjord sjukehus. I denne samanhengen vart det bygd ein vegg rundt trappa i øvre hall og atelieret til Dooijewaard vart ombygd til tre soverom. I tillegg vart det bygd eit ekstra soverom og toalett i delar av øvre hall og tørkeloftet.

I første etasje er det gjort svært få endringar, nokon av toaletta er skifta ut og det er kome nye gardiner i nokon av romma. Mogleg det har blitt noko oppgradering av interiøret i anretningen, då fleire av skapa og oppvaskbenken ber preg av å ha kome på 1960-talet. Soveromma har fått teppefliser på golvet, men det opphavlege golvet ligg truleg under desse. I kjellaren er det gjort få endringar, eit soverom er gjort om til møterom og eitt av bada er blitt noko oppgradert.

Bungalowen

Bungalowen har endra seg svært lite sidan fru Singer døydde. I eksteriøret har det blitt sett inn ei dør i verandaen. I interiøret har det blitt nokon endringar i kjøkkenet og i begge bada.

Studio

Interiøret i Studio har gjennomgått store endringar. Planløysingar er nok slik den var då Singer brukte Studio, men i 1979 og 1989 vart Studio ominnreia for å fungere som galleri for Singer sine måleri. I denne samanhengen vart alle overflater i første etasje fornya. Veggane i atelieret vart trekt med strie og taket panelt, på golvet vart det lagt nålefilt og ein utstillingsmonter vart sett inn på austveggen. Opphaldsrommet vart panelt og det vart sett opp nye hyller til Singer sine bøker. Rommet har blitt innreia med Singer sine møblar og gjenstandar, men ber preg av at det er iscenesett og at ein

ynskjer å syne bruksgjenstandar som Singer brukte i sitt arbeid. Til dømes er snøskoa som han brukte når han måla ute om vinteren, hengt opp på vegg.

Kaféen

Kaféen har sannsynlegvis blitt svært lite endra. Mogleg at ein har sett inn nye skap og kjøkkenvask.

5. Tilstand

Tilstandsgraden (TG) for dei enkelte objekta varierer mellom 1 og 2, bortsett frå villaen som på grunn av til dels omfattande lekkasjar og skader i taket har TG 3. Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN - NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap hadde TG 2 pr. 2019.

Tilstand registreres i Askeladden.

6. Kjelder

Grønvold, Ulf (red.): *Frederik Konow Lund – Arkitekten som moret seg*. 1989

Heijn, Annemarie Vels: *Villa de Wilde Zwanen. Het Larense home van William en Anna Singer*. Laren 2012

Indahl, Trond: Den hjemlige tone. Trond Indahl, Åse Moe Torvanger, Erlend Hofstad og Espen Valand Stange *Hus i Bergen. Særpreg i arkitekturen*. Bergen 2005

Laan, Barnara (red): *Het Gooi. Interieurportretten van villa's en landhuizen 1875-1945*. Amsterdam 2017

Møller, Arvid: *Anna og William Singer. Herskap og tjenere i Tydal og Olden*. Lillehammer 1999

Nygjerd, Johanna, Oddfrid Støle, Egil Solheim og Egil Støle: *William H. Singer. Kunstnaren og samfunnsmennesket. –Lokalhistorisk skrift frå Olden - Olden* 1990

Penick, Monica og Christopher Long: *The rise of everyday desing. The Arts and Crafts Movement in Britain and America*. New Haven og London

Schretlen, Helen: *Loving Art. The William & Anna Singer Collection* Laren 2006

Schretlen, Helen: *American Impressionist. William H. Singer jr. 1868-1943*. Laren 2008

Vries J., R. W. P. de: *W. H. Singer Jr. N.A. som menneske og kunstner*. Bussum

Arkiv

Arkivet etter Rasmus Yri, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Arkivet til Stryn kommune

Anna materiale

Mulighetsstudie for bruk av bygg ved eiendommen «Singerheimen» Olden, Stryn kommune av arkitekt Yngve Leknes Brakstad

Liste over gjenstandar flytta til Vestlandske kunstindustrimuseum (Kode 1)

Liste over innbu og lausøyre 1977

Rapport om befaring av familien Singers eigedom «Dalheim» i Olden. Samlingens tilstand og kunstneriske og kulturhistoriske verdi. Fremtidig bruk. Bevaring og sikringstiltak. Vestlandske kunstindustrimuseum ved Peter Anker 14. oktober 1982

Foto utlånt av Jostein Fredheim

Munnlege kjelder

Jostein Fredheim

Ragnhild Lunde

Nettstadar

SingerLaren <https://www.singerlaren.nl/>

Washington Museum of Fine Arts <http://wcmfa.org/>

Sewickley Valley Historical Society <http://sewickleyhistory.org/>

Frank Lloyd Wright Foundation <https://franklloydwright.org/>

Dokumentasjonsvedlegget er utarbeidd av Vestland fylkeskommune. Riksantikvaren har gjort mindre endringar i teksten.